

**ØF-rapport nr.: 20/2008**

# **Motstrøms**

**– om bulyst, demografi og arbeidslyst**

**av**

**Asgeir Skålholt**

# Østlandsforskning

Østlandsforskning er et forskningsinstitutt som ble etablert i 1984 med fylkeskommunene og høgstyrene/de regionale høgstyresentra i fylkene Oppland, Hedmark og Buskerud som stiftere i samarbeid med Kommunaldepartementet.

Østlandsforskning er lokalisert i høgstyremiljøet på Lillehammer og har i tillegg kontorer i Hamar. Instituttet driver anvendt, tverrfaglig og problemorientert forskning og utvikling.

Østlandsforskning er orientert mot en bred og sammensatt gruppe brukere. Den faglige virksomheten er konsentrert om to områder:

Næringsliv og regional utvikling  
Velferd, organisasjon og kommunikasjon

Østlandsforskning sine viktigste oppdragsgivere er departement, fylkeskommuner, kommuner, statlige etater, råd og utvalg, Norges forskningsråd, næringslivet og bransjeorganisasjoner.

Østlandsforskning har samarbeidsavtaler med Høgskolen i Lillehammer, Høgskolen i Hedmark og Norsk institutt for naturforskning. Denne kunnskapsressursen utnyttes til beste for alle parter.

**ØF-rapport nr.: 20/2008**

# **Motstrøms**

**– om bulyst, demografi og arbeidslyst**

**av**

**Asgeir Skålholt**



**Tittel:** **Motstrøms – om bulyst, demografi og arbeidslyst**

**Forfatter:** Asgeir Skålholt

**ØF-rapport nr.:** 20/2008

**ISBN nr.:** 978-82-7356-641-6

**ISSN nr.:** 0809-1617

**Prosjektnummer:** 10263

**Prosjektnamn:** Jenter mot strømmen

**Oppdragsgjevar:** Regionrådet i Nord-Gudbrandsdalen

**Prosjektleder:** Asgeir Skålholt

**Referat:** Denne rapporten er basert på ein spørjeundersøking til eit utval av kvinner og menn i Nord-Gudbrandsdalen. Rapporten har som mål å finne moglege faktorar som påverkar "bulyst". Fokus for rapporten ligg på likestilling, og dei ekstra utfordringar som fråflytting av kvinner har hatt å seie for ein del regionar i Noreg. Denne rapporten viser at forskjellen mellom kvinner og menn når det gjeld utflytting er mindre nå enn før. Den viser òg at det er små forskjellar mellom menn og kvinner når det gjeld "bulyst", i alle fall slik det er definert i denne rapporten. Blant dei som svara på undersøkinga hadde fleire kvinner enn menn lyst å starte eigen verksemd. Samtidig var kvinner i større mon enn menn skeptisk til dei entreprenørielle moglegheitene i Nord-Gudbrandsdalen. Funna frå denne rapporten er ikkje mogleg å generalisere til populasjonen i Nord-Gudbrandsdalen, då undersøkinga ikkje er strengt representativ.

**Emneord:** Likestilling, bulyst, spørjeundersøking, regresjon, faktoranalyse, regional utvikling, tilflyttingsprosjekt, tilflytting, flytting

**Dato:** Desember 2008

**Sider:** 74

**Pris:** Kr 110,-

**Utgjevar:** Østlandsforskning  
Postboks 223  
2601 LILLEHAMMER

Telefon 61 26 57 00  
Telefax 61 25 41 65  
e-mail: [post@ostforsk.no](mailto:post@ostforsk.no)  
<http://www.ostforsk.no>

Dette eksemplar er framstilt etter KOPINOR, Stenergate 1 0050 Oslo 1. Ytterligare eksemplarframstilling utan avtale og i strid med åndsverklova er straffbart og kan medføre erstattingsansvar.

## Forord

På vegne av regionrådet i Nord-Gudbrandsdalen har Østlandsforskning gjennomført analysen *Motstrøms? – Ein analyse av bulyst i Nord-Gudbrandsdalen*. I tillegg til regionrådet for Nord-Gudbrandsdalen har Høgskolen i Lillehammer vore ein del av prosjektet. Barne- og Likestillingsdepartementet har finansiert arbeidet.

Prosjektet har hatt ein knapp ressursramme sett i lys av omfanget, på om lag to vekeverk (rundt 80 timer). Studien er gjennomført i perioden august 2008 til november 2008, og inkluderte tre fasar:

- Førebuing: Mai-august (2008)
- Datainnsamling 1: August-september (2008)
- Analyse og presentasjonar: Oktober (2008)

Datamaterialet som ligg til grunn for resultatane i rapporten er basert på to like kvantitative datainnsamlingar. Dette inkluderer ei spørjeundersøking basert på invitasjon via e-post og ei open undersøking som har vore tilgjengeleg på internett (via kommunane og regionrådets heimesider).


Denne studien ville ikkje latt seg gjennomføre utan hjelp frå nokre nøkkelpersonar. Vi vil takke følgjande personar for oppdraget og for godt samarbeid:

- Regionrådet i Nord-Gudbrandsdal, ved Arnfrid Austin og Ole Aasaaren
- Styringsgruppa i Jenter mot Strømmen: Rune Øygard (leiar), Marit Tynnøl (nestleiar), Hege Fagermoen, Magny Hilde, Steinar Løsneløkken og Else Hole Ulekleiv.
- Styringsgruppa for prosjektet Fyrkjefokus
- Høgskulen i Lillehammer, ved Ingrid Guldvik

Ein stor takk til våre informantar i ”norddalen” som ved å svare på undersøkingane har bidrege med informasjonen som er grunnlaget for denne rapporten. Vidare vil vi takke alle som har gjeve innspel til rapporten, spesielt forskar Vegard Johansen ved Østlandsforskning. Alt som står, er likevel forfattaren sitt ansvar aleine.

Lillehammer, januar 2009

Asgeir Skålholt  
Prosjektleiar

  
Torhild Andersen  
Forskingsleiar



# Innhald

<b>1</b>	<b>Innleiing.....</b>	<b>7</b>
1.1	Bakgrunn .....	8
1.1.1	Bulyst og arbeidslyst.....	8
1.1.2	Forskingsspørsmål .....	10
1.2	Oppbygginga av rapporten .....	11
<b>2</b>	<b>Metode.....</b>	<b>13</b>
2.1	Spørjeskjema .....	14
2.2	Operasjonalisering.....	14
2.2.1	Variablar .....	15
2.2.2	Samansette mål .....	15
2.3	Validitet og reliabilitet.....	17
2.3.1	Validitet .....	17
2.3.2	Reliabilitet.....	18
2.4	Val av analyseteknikkar.....	18
<b>3</b>	<b>Næring og folk .....</b>	<b>19</b>
3.1	Næring.....	19
3.2	Demografi.....	24
3.2.1	Nær framtid.....	31
3.3	Kva er attraktivitet.....	33
<b>4</b>	<b>Kven er våre informantar .....</b>	<b>37</b>
<b>5</b>	<b>Univariate og bivariate analysar .....</b>	<b>41</b>
5.1	Flytting .....	41
5.2	Arbeidslyst.....	43
5.3	Bulyst .....	44

<b>6</b>	<b>Multivariate analysar .....</b>	<b>49</b>
6.1	Bulyst .....	49
6.2	Arbeidslyst.....	53
<b>7</b>	<b>Samanfatting og vegen vidare .....</b>	<b>55</b>
7.1	Kommentarar om metode .....	55
7.2	Svar på problemstilling.....	55
7.3	Eit innspel til diskusjon .....	57
	<b>Referansar .....</b>	<b>59</b>
	<b>Vedlegg 1. Føresetnader for regresjonsanalyse .....</b>	<b>61</b>
	<b>Vedlegg 2: Diverse analysar og regresjonar .....</b>	<b>63</b>
	<b>Vedlegg 3. Spørjeundersøkinga .....</b>	<b>71</b>



## Tabellar og figurar

Tabell 1 Forskjellig sysselsetteandelar.....	22
Tabell 2 Andel kvinner per menn, 20-39 år, 2007, Nord-Gudbrandsdal .....	29
Tabell 3 Oversikt over kvinner per 100 menn i alle aldersgrupper, 2007.....	31
Tabell 4 Estimert tilvekst 2008-2009, absolutte tal.....	32
Tabell 5 Samanlikning av forskjellige indikatorar .....	35
Tabell 6 Kommunefordeling .....	37
Tabell 7 Bustadtype, prosent.....	38
Tabell 8 Flyttekarriere, prosent .....	38
Tabell 9 Kor lenge har du budd i regionen, prosent.....	38
Tabell 10 Utdanningsnivå, prosent .....	39
Tabell 11 Flytteplanar/undersøkingstype, prosent .....	41
Tabell 12 Flytteplanar, gjennomsnittsalder.....	42
Tabell 13 Flytteplanar etter utdanningsnivå, prosent .....	42
Tabell 14 Flytteplanar etter kommune, prosent .....	43
Tabell 15 Sum av dei som er heilt eller delvis einig i påstanden, i prosent av total .....	44
Tabell 16 Krysstabell kjønn og ”det sosiale liv” .....	45
Tabell 17 Krysstabell, kjønn og vektlegging av flyttefaktorar.....	46
Tabell 18 Faktorar som påverkar stadstilfredsheit, modell 1 .....	51
Tabell 19 Faktorar som påverkar stadstilfredsheit, modell 2 .....	52
Tabell 20 Faktorar som påverkar arbeidslyst .....	53
Figur 1 Årsaksmodell, stadstilfredsheit.....	16
Figur 2 Lokaliseringskvotient, Nord-Gudbrandsdal .....	20
Figur 3 Sysselsetting, etter kjønn i prosent og næring, Nord-Gudbrandsdal .....	21
Figur 4 Inntektsskilnader, kvinner og menn (2006).....	22
Figur 5 Eigarar av personlege føretak (2007) .....	23
Figur 6 Prosentdel kvinner av dei som startar nye føretak.....	23
Figur 7 Utdanningsnivå, dei over 16 år.....	24
Figur 8 Fødselsoverskot, nettoflytting og tilvekst.....	25
Figur 9 Nettoflytting, kvinner og menn .....	25
Figur 10 Folketalsutvikling 1980-2007, utvalde regionar (1980=100).....	26
Figur 11 Alder på dei som flyttar frå Nord-Gudbrandsdal, gjennomsnitt frå siste 28 år .....	27
Figur 12 Folketalspyramide 2007 og 1980, Nord-Gudbrandsdal .....	28
Figur 13 Folketalspyramide 2007 og 1980, Norge .....	28
Figur 14 Andel kvinner mellom 20-39, Nord-Gudbrandsdal, 1980-2007 .....	29
Figur 15 Befolkning mellom 20 og 40, 1980-2007, menn og kvinner.....	30
Figur 16 Utvikling av folkevekst Norge, 1951-2009 .....	32
Figur 17 Arbeidslyst.....	43
Figur 18 Bulyst.....	44
Figur 19 Kva er viktig å marknadsføre .....	45
Figur 20 Kva er viktig når ein vel kvar ein vil bu .....	46
Figur 21 Stadstilfredsheitsmodellen.....	49



# 1 Innleiing

I 2007 utvikla regionrådet i Nord-Gudbrandsdal, Østlandsforskning og Høgskolen i Lillehammer prosjektet *Jenter mot strømmen*. Prosjektet hadde bakgrunn i at Barne- og likestillingsdepartementet (BLD) utlyste midlar til arbeid for å styrke sitt arbeid med regional likestilling (sjå St.prp. 1 frå BLD).<sup>1</sup> Denne rapporten er resultatet av eit av delprosjekta i *Jenter mot strømmen*, ei spørjeundersøking.

Denne rapporten omhandlar klassiske ”regionale studiar”, med fokus på sysselsetting og næringsutvikling. Dette er tema Østlandsforskning (ØF) har brei bakgrunn for å forske på. Ein del av dei analysane som blir gjort her, bygger på tidlegare arbeid på instituttet, slik som i Innlandsindeksen frå 2002 og rapporten ”Valdresrypa” frå 2006 (Grimsrud 2006).

Undersøkinga blei gjennomført for å få eit godt kunnskapsgrunnlag for å få i gang målretta arbeid mot likestillingsproblematikk i regionen. Styringsgruppa i prosjektet blei tidleg samde om å gjennomføre ei undersøking, og innhaldet og metode for innsamling blei diskutert på fleire møte våren 2008. Det blei bestemt at undersøkinga skulle sendast ut til spesielt inviterte og opnast slik at alle interesserte kunne svare. Vi hadde med andre ord ingen bestemt populasjon vi ville nå, utover det at dei skulle vere frå Nord-Gudbrandsdal. Sia vi ikkje kunne garantere at alle verkeleg var frå Nord-Gudbrandsdal, har vi ikkje utelukka dei frå materialet. Ein open kategori for bustadkommune blei inkludert i tillegg til lukka kategori for dei seks norddalkommunane.<sup>2</sup> Datainnhentinga skjedde august og september 2008.

I prosessen med å utvikle prosjektet kom styringsgruppa fram til eit ønskje om å fokusere generelt på faktorar som spelar inn på bulyst og trivsel. Eller som det blir formulert i prosjektskissa, å auke kunnskap om tilflytting og bulyst blant kvinner, samt å kome fram til strategiar og tiltak for å auke kvinners bulyst. Det vi prøver å finne svar

---

<sup>1</sup> Direkte lenke til St.prp. 1 frå BLD:

<http://www.regjeringen.no/pages/2112840/PDFS/STP200820090001BLDDDDPDFS.pdf>

<sup>2</sup> Vi brukar gjennomgåande Nord-Gudbrandsdal som namn på regionen, sjølv om òg norddalen blir mykje brukt i daglegtale. Norddalen blei brukt i spørjeundersøkinga, og ein vil difor finne det igjen i nokre figurar.

på, er altså kva faktorar informantane vektlegg når dei skal flytte, og i kor stor grad dei sjølv opplever ”bulyst” i Nord-Gudbrandsdal.

Som ein del av undersøkinga ønskte vi å gjennomføre ein statistisk analyse for å sjå kva for faktorar som verkar inn på det vi kan kalle bulyst. Vi har derfor formulert følgjande forskingsproblemstilling:

### **Kva faktorar verkar inn på bulyst?**

Problemstillinga inkluderer to viktige omgrep som skal klargjerast; ”faktorar” og ”bulyst”. Bulyst skal vi gå inn på her, faktorar kjem vi tilbake til seinare. Vi kjem òg inn på underproblemstillingane straks.

## **1.1 Bakgrunn**

Denne rapporten er sjølv sagt ein del av ein stor teoretisk og metodologisk vitskapeleg tradisjon. Det er diverre ikkje tid og ressursar til å greie fullt ut for det denne rapporten byggjer på, men vi gjer ei kort innføring i noko av bakgrunnen her.

### **1.1.1 Bulyst og arbeidslyst**

Omgrepet bulyst har etter kvart fått godt rotfeste i virkemiddelapparat og blant forskjellige myndighetsnivå, frå kommune til departements- og stortingsnivå. Døme på dette er BLEST (Bulyst og engasjement i småbyar og tettstader)<sup>3</sup>, som er Husbanken og Kommunal- og regionaldepartementet si satsing på tettstadsutvikling. Eit anna døme er det mykje omtalte bulystrådet av 2006, som besto av det reklamebransjen kallar ”opinionsdannarar” frå bygda. Sjølv om omgrepet ”bulyst” har fått størst gjennomslagskraft i virkemiddelapparat og blant regionalforskarar, er det også brukt til ein viss grad av allmennheita.

Omgrepet ”bulyst” har ein noko uklart opphav, men blei brukt i Noreg frå starten av 1990-talet (Isaksen 2005).<sup>4</sup> I ein rapport frå 2000 viser forskaren Terje Skjeggedal (2000) til ein rapport skreve i 1994, *Bolyst i Steinkjer*, ein rapport som utvikla ein modell for ”bulyst”. Han summerer opp modellen på følgjande måte (Skjeggedal 2000 s. 15-16) (modellen er noko forenkla og omsett til nynorsk):

---

<sup>3</sup> Les KRDs pressemelding frå lanseringa her <http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/pressemelder/pressemeldinger/2007/Aslaug-Haga-presenterer-nytt-stadutvikli.html?id=478865>

4

- Valet mellom å bu fast og flytting er rasjonelt, i tydinga praktisk – for å gjere det beste ut av situasjonen, for å oppnå ein akseptabel tilfredsheit. Aktørane (individ eller hushald) maksimerar sine verdiar ved å søkje ein tilpassing som ligg så langt opp mot ”det gode liv” som mogleg. Å realisere det gode liv stiller krav til så vel dei materielle som dei sosiale og kulturelle kvalitetane ved ein bustad.
- Aktørane kan i varierende grad vere prega av *ansvarsrasjonalitet* basert på *reproduksjonsorienterte* verdiar, eller *formålsrasjonalitet* knytt til *produksjonsorienterte* verdiar.
- Rasjonaliteten former grunnleggjande preferansar for å bu fast, som kan delast i to hovudgrupper: *sosiale og kulturelle vilkår* og *materielle vilkår*.
- Dei sosiale og kulturelle sidene ved ein stad, slik som veremåte, verdiar, toleranse for annleis åtferd og oppfattingar, omgangsformer, kriteria for integrasjon i sosial fellesskap, sosial bakgrunn, etnisitet, utdanning og yrke, alder og kjønn, avgjer om folk føler seg *inkludert* eller *ekskludert* frå deltaking i de sosiale liv generelt.
- Dei materielle vilkåra kan vi forstå som val i forhold til 4 ”marknader”: *arbeidsmarknad, bustadmarknad, servicemarknad og nærmiljømarknad*. Sysselsetting er ein nødvendig, men ikkje utan vidare tilstrekkelig føresetnad for etablering av nye hushald. Marknadene kan delvis, men sjeldan, erstatte kvarandre. Likevel er arbeid ein nødvendig føresetnad for busetting for dei fleste hushald.

Bulyst-omgrepet prøver å utvide forståinga som ligg rundt flyttemotiva til folk. Opphavleg har materielle flyttmotiv dominert diskusjonane. Til dømes har planlegging som skulle leggje til rette for tilflytting, i all hovudsak fokusert på den fysiske planlegginga (vegar, hus, anna type infrastruktur) (Skjeggedal 2000), men nå prøver ein å sjå også på korleis ein kan utvikle det ein kan kalle mjuk infrastruktur. Det som blir kalla sosiale og kulturelle vilkår i bulyst-modellen sitert over. Dette heng òg saman med at den tradisjonelle samanhengen mellom regionar og næringsutvikling (og dermed samfunnsutvikling) har endra seg noko over tid. Kva som er årsak og effekt – eller mål og middel – har så å si blitt snudd på hovudet. Før var målet å oppretthalde busetting, noko som skjedde ved næringsutvikling. Nå, kan ein seie, at målet er næringsssatsing, medan å auke busettinga er middelet. Altså, at auka busetting vil skape auka næringsssatsing. Dette synet har vore sterkt framme i Noreg lenge, men har auka i betyding dei siste åra. Ein forskar som har dette synet, er den amerikanske geografen Richard Florida. Vi skal kome tilbake til denne forfattaren seinare.

Her tar vi ikkje stilling til om dette er ei riktig eller gal tilnærming, men det vi kan seie er at det å tiltrekke seg folk ikkje berre handlar om å ha arbeidsplassar. I fleire flyttemotivundersøkingar er det vist at sosiale og kulturelle vilkår er like viktige som

materielle vilkår (Florida 2008; Grimsrud 2005; Skjeggedal 2000). Det som likevel er ei utfordring, er at det er dei materielle vilkåra det er (relativt) enkelt å gjere noko med. Det er ikkje enkelt å endre kulturar, og det er ikkje enkelt å sørgje for at alle har vener. Det er heller ikkje enkelt å sørgje for høg toleranse, noko som til dømes Florida (2008) har funne er viktig for å oppleve vekst både i tilflytting og næringsutvikling.

BLEST er ei godt døme på at det til tross for auka ønskje om å inkludere utvikling av sosiale og kulturelle vilkår, er vanskeleg å kome med konkrete tiltak som har som mål å endre på slike vilkår. I ein evaluering av BLEST blei det framheva fleire planleggingstiltak som fokuserte på fysisk planlegging. Dei sosiale og kulturelle vilkår blir berre nemnt i nokre utydelege formuleringar om utvikling av positiv identitet og trivsel (Asplan Viak 2008).

Omgrepet bulyst er forsøkt operasjonalisert fleire gonger, blant anna ved bruk av bulystmodellen til Skjeggestad. Kapittel 3 har *vår* teoretiske operasjonalisering av omgrepet.

Vårt omgrep ”arbeidslust” bygger på ein indikator for trivsel på arbeidsplassen utvikla av Johannesen med fleire (2008). ”Arbeidslust” handlar slik ikkje berre om å ha lyst til å gå på arbeidet, men det handlar om kor godt ein trivst med arbeidet. Operasjonaliseringa av omgrepet gjerer i kapittel 6.2.

### 1.1.2 Forskingsspørsmål

Hovudproblemstillinga er: *Kva faktorar verkar inn på bulyst? Vi har konkretisert problemstillinga i følgjande forskningsspørsmål.*

#### Analysar

1. Kva for faktorar spelar inn på opplevinga av kor nøgd du er med staden du bur?
2. Kva for faktorar spelar inn på arbeidssituasjonen din?
3. Kva for faktorar spelar inn på om du ønskjer å flytte eller ikkje?

#### Vi skal kommentere eit generelt tilhøve ved alle forskningsspørsmåla

For det første, vil ein aldri greie å fange inn heile kompleksiteten i dei fenomena som vi ser på. Som i all anna forskning er våre modellar berre relevante under visse føresetnadar, og ein slik føresetnad er at vi berre kontrollerer for nokre alternative forklaringar. Det er viktig å vere klar på at dei forklaringsmodellane som vi presenterar forenkler røynda, og vårt mål har slik sett vore å gjere det sannsynlig at nokre forklaringar er viktigare enn andre.

Vi skal kommentere eit forhold ved spørsmåla

Omgrepet "årsak" er komplisert. Vi prøver: a) å etablere ei tidsrekkefølge og b) å tilby fleire ulike typar forklaringar som kan grunnast teoretisk. Likevel er det: a) i prinsippet eit uendeleg tal forklaringar og b) problematisk å sette opp årsaksforhold berre ved ei måling.

## **1.2 Oppbygginga av rapporten**

Rapporten er bygd opp slik:

I kapittel 2 går vi igjennom det metodiske opplegget for studien

I kapittel 3 ser vi på næringslivet og dei demografiske hovudtrekka i regionen

I kapittel 4 ser vi på kjenneteikn ved informantane

I kapittel 5 presenterer vi bivariante analysar

I kapittel 6 presenterer vi multivariate analysar

I kapittel 7 samanfattar vi hovudfunna i studien

Rapporten bygger på til dels avanserte statistiske metodar. I den grad det er mogleg, er diskusjonar rundt føresetnader og testar flytta til vedlegget. Slik håper vi å ivareta ein lesevennleg stil, samtidig som det naudsynt vitskaplege er på plass. Rapporten må likevel til ein viss grad innehelde faglege premissar for analysane som er gjort.





## 2 Metode

Studiens mål er å si noko generelt om faktorar som spelar inn på bulyst. Ut frå studiens formål har vi valt å nytte oss av kvantitativ metode. Datamaterialet er basert på to typar spørjeundersøking. Ein e-postbasert, og ein open nettbasert undersøking.

Utvalet vårt er valt teoretisk, det vil seie at vi ikkje har tilfeldig utval (sannsynsutval). Vi hadde som mål å få nok informantar til å gjere gode analysar, og at dei informantane vi fekk kunne spegle gruppa vi har i fokus, nemleg kvinner i jobb. Ambisjonane knytt til indikatorsetta er høge. Dette handlar om å utvikle empiriske indikatorar som tar utgangspunkt i eit teoretisk rammeverk.

Det er ikkje fullt samsvar mellom teoriar og indikatorane som er valt for å dekke dei. Ein type kritikk som kan rettes er at vi for enkelte omgrep har få indikatorar. Ein annan årsak til manglande samsvar mellom teori og empiri, er at vi har valt å utforme spørsmål i eit enkelt språk. Å utforme spørsmåla i eit enkelt språk vil av og til gå utover presisjonen til spørsmåla.

Eit anna mogleg målingsproblem er at vi gjennomfører årsaksanalysar gjennom regresjonsanalyse. I regresjonsanalysen sitt utgangspunkt ligg det implisitt ein ide om å inkludere alle relevante forklaringar (X-ar eller forklaringsdimensjonar). Vi har kome eit stykke på veg ved å inkludere dei forklaringsvariablane vi finn relevante, men det er likevel viktig å påpeike at det er ein god del andre dimensjonar enn dei vi kontrollerer for som kan spele ein rolle. Om andre relevante faktorar hadde blitt inkludert i modellane, ville det nødvendigvis endra dei resultat som vi kan vise fram.

Dette kapittelet har fire delar der vi går gjennom ulike forhold ved undersøkinga.

- I del 1 har vi utvikling av spørjeskjema
- I del 2 gjennomgår vi operasjonisering av uavhengige og avhengige variablar
- I del 3 ser vi på validitet og reliabilitet
- I del 4 gis ei kort innføring i dei sentrale analyseteknikkane

## 2.1 Spørjeskjema

Vi skal kort kommentere nokre forhold ved strukturen i spørjeskjemaet. Vi har bygd opp undersøkinga med enkle og nøytrale spørsmål i starten (bakgrunnsvariablar), for deretter å ta for oss "vanskelegare" spørsmål. Vi skal kort gå gjennom korleis vi har løyst tre viktige utfordringar ved utforminga av spørjeskjema.

- For det første er nesten alle spørsmål lukka. Det er ein ulempe om informantane opplever at dei blir tvungne til å krysse av svaralternativ dei ikkje føler passar. Vi har søkt å løyse dette ved å ha midtkategori, samt kategoriar for dei som er usikre/ikkje vet.
- For det andre handlar ein stor del av spørjeskjema om å ta stilling til påstandar. Påstandsformuleringar er mindre handgriplege enn kunnskapsspørsmål (Ringdal 2007). Vi har søkt å løyse dette ved at kvart omgrep som skal studerast er operasjonalisert gjennom fleire påstandar.
- For det tredje kan ein få problem med "ja-svaring". Vi har derfor operasjonalisert spørsmåla slik at nokre er negativt lada.

Spørjeskjemaet er lagt ved.

Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora (NESH) har utarbeidd etiske retningslinjer for personvern når man skal gjennomføre forskingsstudiar (NESH 2006). Vi skal kommentere korleis vi har løyst desse utfordringane.

- Forskaren plikter å informere om frivillig deltaking: I introduksjonen til undersøkinga presiserast det at deltakinga er frivillig, at deltakaren kan trekkje seg undervegs, og at deltakaren kan velje å ikkje svare på alle spørsmål.
- Data skal behandlast konfidensielt og deltakarar garanterast anonymitet: Svarskjema ble samla inn elektronisk på sikra server, og slettast etter bruk
- Forskingsdeltakarane skal ikkje førast bak lyset: Vi har opplyst om prosjektets formål i introduksjonen av spørjeundersøkinga.
- Tilbakeføring av forskingsresultat: Dette er det tatt omsyn til gjennom skriving av denne rapporten, som blir offentleg tilgjengeleg.

## 2.2 Operasjonalisering

Operasjonalisering vil si at teoretiske omgrep blir knytt til empiriske indikatorar. Dette er ein sentral del av alle undersøkingar. Det er viktig å tilpasse teoretiske omgrep (som bulyst) til empiriske indikatorar i eit språk som informanten forstår. Det betyr å unngå framandord, spørje om ein ting om gangen, og gjere spørsmål og påstandar så korte som mogleg. Det enklaste er å formulere fakta- og kunnskapsspørsmål. Størsteparten av spørjeskjemaet består likevel av

haldnings- og åtferdsspørsmål, og ved slike spørsmål må ein vere svært nøye med formuleringar.

Vi skal starte med å sjå på forklaringsvariablane som er valte. Med forklaringsvariablar meiner vi kva for faktorar som ein vil tru kan gje forskjellig "nivå" av bulyst. Vi har henta inspirasjon frå ulike studiar av bulyst og flytting (Grimsrud 2006; Østlandsforskning 2002).

### 2.2.1 Variablar

Vi inkluderte følgjande uavhengige variablar: utdanning, bustadkommune, bustadtype, "flyttekarriere". I tillegg blir det sjekka for andre bakgrunnsvariablar, slik som kjønn og alder.

**Variabel 1, utdanning:** Fleire studiar har vist klare samanhengar mellom utdanning og bupreferansar (Florida 2008; Grimsrud 2005).

Utdanning: grunnskule, vidaregåande skule, lågare universitets- eller høgskuleutdanning, høgre universitets- eller høgskuleutdanning

**Variabel 2, bustadkommune:** Vi antar at det er forskjellar mellom dei forskjellige kommunane i korleis dei oppfattar butilhøva, derfor er det òg viktig at vi skil på dei.

Bustadkommune: Dovre, Lesja, Lom, Sel, Skjåk og Vågå

**Variabel 3, bustadtype:** Skal distriktskommunar satse på å sentralisere husbygging, eller ligg styrken i det å bu spreidd? Dette var ein av problemstillingane til styringsgruppa i prosjektet.

Bustadtype: Spreiddbygd og tettbygd

**Variabel 4, "flyttekarriere":** Studiar viser at det er stor forskjell på om du flyttar til ein kommune som nyinnflyttar eller som tilbakeflyttar (Grimsrud 2006).

"Flyttekarriere": tilbakeflyttar, nyinnflyttar, bufast

**Variabel 5, andre bakgrunnsvariablar:** Kjønn og alder. Vi vil òg teste for nokre andre variablar, som kan gje meining ut frå teori om flyttemotivasjon, dette kjem vi tilbake til.

### 2.2.2 Samansette mål

Samansette mål bygger på to eller fleire indikatorar og brukast ofte i analysar av spørjeundersøkingar.<sup>5</sup> Eit hovudargument for å bruke samansette mål er at ein vil fange inn fleire fasettar ved omfattande teoretiske omgrep. I vår analyse prøver vi å sjå om norddølen ser på staden sin som ein god stad, og kva for faktorar dei vektlegg når dei skal vurdere bulyst. Vi prøver altså å finne svar på det teoretiske omgrepet vi her kallar "stadtilfredsheit". Vi har med vilje ikkje brukt omgrepet "bulyst", mykje på grunn av at vi her har ein eigen teoretisk innfallsvinkel i høve til tidlegare studiar som brukar omgrepet, men òg på grunn av at omgrepet "bulyst" er litt lite dekkande. Vi meiner at stadtilfredsheit er eit meir beskrivande omgrep.

---


<sup>5</sup> Heile dette delkapitlet baserar seg på Ringdal (2007)

Det første ein må gjere når ein skal utvikle slike samansette mål, er å finne ein naturleg måte å definere omgrepet. Skal ein gjere det, må ein anten kvile på allereie skreve litteratur, eller utvikle omgrepet sjølv. Skal ein utvikle omgrepet sjølv, er det i teorien naudsynt med omfattande pilotstudiar, noko vi ikkje hadde høve til. I vårt tilfelle skal vi bruke ein stor amerikansk undersøking kalla "The Place and Happiness Survey" (Florida 2008). I denne undersøkinga fann dei sju faktorar som saman utgjorde "community satisfaction", det som vi har kalla "stadtilfredsheit". Ordet "community" kan ikkje nødvendigvis oversettast rett til "stad", vi kunne brukt "lokalsamfunn", men vi finn ordet "stad" betre. Dei sju faktorane Florida siktar til, som til saman viste seg å gje eit godt mål på stadtilfredsheit, var følgjande:

1. At det er ein god stad å oppdra ungar
2. At det er ein stad som er vakker (physical beauty)
3. At det er lett å få nye vener og møte nye folk
4. At det er gode skular
5. At det er gode friområde og parkar
6. At det er trygt der
7. At det er ein god stad for entreprenørar og ny næring

Desse faktorane blei stadfesta av ein analyse av Tinagli (Florida 2008). Hennar faktoranalyse identifiserte tre grupperingar av indikatorar som gjer at vi er lukkelege der vi bor (our community), som til saman blir dekkja av våre punkt. Sidan vi veit frå litteraturen at dette er gode indikatorar for denne variabelen, slepp vi å gjere ei empirisk testing av spørsmåla før vi gjennomfører undersøkinga. Vi gjer testinga med sjølve resultatet. Dette kan vere usikkert, sia vi ikkje veit på førehand om modellen vår er god, men det var einaste løysing reint praktisk.

Ut frå dei sju faktorane som vi viste over, får vi følgjande modell:



**Figur 1** Årsaksmodell, stadtilfredsheit

Den mest vanlege måten å operasjonalisere eit slik omgrep som vi har er å bryte det ned i eit sett påstandar, der ein gir ei vurdering i grader av kor einig ein er. Nokre av våre spørsmål blei ikkje

retta direkte som påstandar informanten må seie seg meir eller mindre einig i, men i forma ”kor nøgd er du”. Dette er metodisk noko problematisk, men blei valt for å gje best mogleg forståing i skjemaet. Same skalanivå (ein skala på 5) blei brukt.

Eit anna metodisk problem er i kor stor grad vi kan forstå Nord-Gudbrandsdalen som ein stad. Men desse problema finn vi òg på lågare geografisk nivå, og det er ingenting i vegen for at vi teoretisk avgrensar regionen vi vil studere til ”Nord-Gudbrandsdal”. Det hadde likevel vore best, om denne avgrensinga kunne vore knytt til studiar som viste at denne regionen er ein naturleg region for dei som bur der. Sjølv om det er lite sannsynleg at folk har tatt utgangspunkt i ”norddalen” når dei blir spurt, blir likevel det dei svarar eit døme på kva folk meiner innanfor vår definerte region.

## 2.3 Validitet og reliabilitet

Omgrepa validitet og reliabilitet er viktige for alle forskingsstudiar.

### 2.3.1 Validitet

Innholdsvaliditet handlar om ein empirisk måler det teoretiske omgrepet som ein ønskjer å måle. Innholdsvaliditet er ofte eit spørsmål om subjektivt skjønn, sia det svært sjeldan er fagleg einigheit om korleis ein konstruerar eit sett av indikatorar for å måle teoretiske omgrep. I vår studie er innholdsvaliditet av relevans i forhold til operasjonalisering som er gjennomført, der vi ut frå teori har laga empirisk brukbare spørsmål. Presisjonsnivået er styrka, håper vi, ved at forskarar og prosjektgruppa har delteke i utviklinga av spørjeskjema.

Indre validitet handlar blant anna om kor sikre konklusjonar om årsakssamanhenger er. I vår studie har vi undersøkt effektar av mange forklaringsvariablar. Nokre av forklaringsmodellane har høg forklaringskraft og gir relativt sikre estimat, medan andre modeller er svakare. Det er viktig å påpeike at det er andre relevante dimensjonar som vi ikkje kontrollerer for. Derfor vil resultat bli kommentert med varsemd. Som nemnt kan det vere vanskeleg å etablere årsakssamanheng: Kva kjem først, høna eller egget. Det er òg problematisk med det vi kallar simultanitetsproblematikk. Med det meiner vi at årsaker og effektar kan gå i sirkel – at det ikkje nødvendigvis går strengt ein veg. Slike problemstillingar krev ofte nærgåande kvalitative studiar vedrørande kva som fører til kva. Sjølv ikkje da er det ”sikkert at det er sikkert”. I denne rapporten har vi det slik med det vi kallar arbeidslyst. Fører trivsel på arbeidet til at ein er meir nøgd med staden der ein bur? Eller fører stadstilfredsheit til at ein trivst betre på jobben? Å

etablere slike samanhengar er ein del av den større forskinga rundt bulyst, og denne rapporten deltar audmjukt i den utviklinga.

Den ytre validiteten gjeld det å generalisere frå utval til populasjon (Ringdal 2007). Det er ikkje så aktuelt her, vi har ikkje som mål å få funn som strengt kan generaliserast til ein populasjon. Vi har heller ikkje ein kjend populasjon å gjere analysen av, så det blir av mindre interesse. Det blir av same grunn mindre interessant kor høg svarprosenten er (av dei som var invitert på e-post svarte ca 60 prosent av dei vi nådde).

I alt deltok 232 informantar i undersøkinga.

Eit siste viktig forhold som bør kommenterast i forhold til svara er *Missing Data* (MD). Dette refererar til "hol i datamatrissa", og det faktum at ikkje alle respondentane har svart på alle spørsmål/påstandar. Dette betyr at nettoutvalet for kvart spørsmål vil variere noko. Meir presist varierer delen MD frå 232 respondentar til 211.

### **2.3.2 Reliabilitet**

Det er andre forhold som også bør kommenterast med omsyn til reliabilitet. Ein type tilfeldig målefeil er at respondenten ikkje forstår spørsmålet. For å hindre misforståingar gjennomførte vi ein liten pilotstudie. Ein annan type tilfeldige målefeil oppstår om respondenten kryssar feil. Dette er eit mindre problem her, sia undersøkinga var elektronisk, og at vi dermed minkar sannsynet for slike feil (ein reduserar talet på overføringar der det kan skje feil). Ein tredje type tilfeldig målefeil er om respondentane ble forstyrta. Dette er det vanskeleg å ta høgde for ved elektroniske undersøkingar

## **2.4 Val av analyseteknikkar**


I rapporten nyttast både univariat analyse (beskriving av enkeltvariablar), bivariat analyse (samanheng mellom to variablar) og multivariat analyse (samanheng mellom tre eller fleire variablar). I vedlegget kan ein lese ein kort gjennomgang av multivariat lineær regresjonsanalyse.

## 3 Næring og folk

Mykje av bakgrunnen for dette prosjektet, er at det lenge har vore eit underskot i regionen av kvinner i arbeidsfør alder. Dei som var målet for denne undersøkinga var i stor grad dei vi kallar unge vaksne. I statistikken er dette ofte definert som dei mellom 20 og 40 år – vi tar likevel med òg dei som er eldre. Dette vil òg få noko å seie for næringslivet. Her skal vi inkludere ein kort gjennomgang av demografi og næringsstruktur. Den følgjande analysen baserer seg utelukkande på sekundærdata, i hovudsak SSB, og vil ikkje vere av ein endeleg og konkluderande karakter. Vi vil leggje vekt på demografi, så vel som meir vanlege næringsindikatorar. Det er til tider svært stor forskjell mellom dei forskjellige kommunane, dette vil ikkje bli diskutert ved dette høve.

### 3.1 Næring

Nord-Gudbrandsdal skil seg ikkje nødvendigvis mykje ut ifrå regionar det kan vere naturleg å samanlikne med. Ein måte å samanlikne næringsstrukturen i forskjellige regionar på er ved hjelp av lokaliseringskvotientar. Her samanliknar vi ikkje Nord-Gudbrandsdalen med andre regionar, men med landet sett under eitt. Tabellen på neste side er basert på lokaliseringskvotientar. Ein lokaliseringskvotient seier noko om kor mange som jobbar innanfor ei næring, samanlikna med landet elles. Det vil seie at ein verdi på 1, er det same som at regionen har like stor del av sysselsette i denne næringa som landet elles. Ein verdi på 2, indikerar at det er dobbelt så mange, relativt sett, som jobbar i næringa.



**Figur 2 Lokaliseringskvotient, Nord-Gudbrandsdal<sup>6</sup>**


Det første ein kan leggje merkje til, er at nokre næringar ikkje er representert i Nord-Gudbrandsdal i det heile. Dette er ikkje overraskande kystnære næringar. I tillegg kan ein sjå at det er nokre som er sterkt overrepresentert i regionen. Dette gjeld ikkje overraskande jordbruk/skogbruk, men og mineralsk (steinindustri) og trevare. Likevel, sjølv om regionen er sterkt overrepresentert i jordbruk, er det ikkje overrepresentert i

<sup>6</sup> Næringane er basert på Pandas analyseverktøy si inndeling, og er ikkje omsett til nynorsk



”næringsmiddel jordbruk”. Her har vi i alle fall nærheit til råvarene som ikkje blir utnytta.

Arbeidsmarknaden i Nord-Gudbrandsdal svært kjønnsdelt, akkurat som i landet elles.



**Figur 3 Sysselsetting, etter kjønn i prosent og næring, Nord-Gudbrandsdal**


Figuren viser prosentdel kvinner og menn i forskjellige næringer. Som vi ser er kjønnsdelinga svært klar i regionen, men det er ikkje stor forskjell frå korleis det er i andre regionar.

46 prosent av dei sysselsette i Nord-Gudbrandsdal, er kvinner, samanlikna med 47 prosent i landet elles. 84 prosent av alle kvinner mellom 20 og 67 år er sysselsett (det same talet for menn er 91). Det vil seie at ein mindre prosentdel av kvinner enn menn i arbeidsdyktig alder er sysselsett, men at det er høgere enn landet elles. Som vi òg ser i tabellen under, er ein større del av dei i arbeidsdyktig alder i Nord-Gudbrandsdalen i arbeid, likevel er det ikkje noko forskjell om vi ser prosentdel av befolkninga i heilskap.

**Tabell 1 Forskjell i sysselsetteandelar**


	Nord-Gudbrandsdal	Noreg
Prosent av sysselsette som er kvinner	46	47
Prosent av kvinner som er sysselsette (20-67 år)	84	81
Prosent av befolkning som er sysselsette (20-67 år)	88	85
Prosent av befolkning som er sysselsette i alt	52	52

Forskjellen i inntekter er relativt sett mindre i Nord-Gudbrandsdal enn i resten av landet, dette er fordi kvinner i større grad enn menn jobbar i offentlig sektor, der forskjellane mellom by og land er små. Både kvinner og menn tener relativt lite samanlikna med andre regionar.




**Figur 4 Inntektsskilnader, kvinner og menn (2006)**

Eit anna mål på kvinners deltaking i arbeidslivet, er kor mange kvinner som er med i ”styre og stell”. Desse tala finst diverre berre på fylkesnivå, og er difor ikkje med her. Det som likevel finst på kommunenivå, er kjønnsfordelinga mellom dei som har personleg eigde føretak. Her skil Nord-Gudbrandsdal seg lite ut:




**Figur 5 Eigarar av personlege føretak (2007), prosent kvinner**

Det same gjeld kvinner som startar nye føretak:



**Figur 6 Prosentdel kvinner av dei som startar nye føretak**




**Figur 7 Utdanningsnivå, personar over 16 år**

Som de ser er det lågare utdanningsnivå blant vaksne i Nord-Gudbrandsdal enn snittet i Noreg. Spesielt er det mindre av dei med høgre utdanning. Denne tabellen er laga med SSB sine økonomiske regionar. Regionen ”Tynset” samsvarer grovt med det som elles blir kalla Nord-Østerdalen. Tynset-regionen har relativt sett fleire kvinner med kort høgskole-/universitetsutdanning, dette er truleg på grunn av at dei har eit større sjukehus i sin region. Vi kan merkje oss at det berre er halvparten så mange menn som har høg utdanning i Nord-Gudbrandsdal, som i landet i alt. 12 prosent av alle menn i Nord-Gudbrandsdal over 16 år har lang eller kort høgre utdanning, landssnittet er 23 prosent. Dei same tala for kvinnene er 17 og 26 prosent. Mennene i regionen er med andre ord svært lågt utdanna.


### 3.2 Demografi

Her skal vi kort gå gjennom hovudtendensane i den demografiske utviklinga i regionen. Spesielt skal vi sjå på forskjellar mellom menn og kvinner.



Figur 8 Fødselsoverskot, nettoflytting og tilvekst


Fødselsoverskotet viser ein klar nedgang i 2007, dette skuldast både ein auke i dødstalaaog ein nedgang i fødselstala. Nettoflytting er som regel ein mykje viktigare faktor for folketalsendringane i Nord-Gudbrandsdal (og resten av Noreg og Europa) enn fødselsoverskotet. Likevel ser vi her at òg fødselsoverskotet har blitt til eit såpass lite "overskot" at det har påverka tilveksten.



Figur 9 Nettoflytting, kvinner og menn

Nettoflyttingstala har halde seg stabile under null dei siste 25 åra, med unntak av 1993, eit år regionen fekk mange flyktningar frå det tidlegare Jugoslavia. Om vi ikkje ser på alderen til dei som flytter, ser vi at kjønnsforskjellane ikkje er så store, og at kvinner ikkje flytter ut i større mon enn menn. I snitt sia 1980 har det flytta ut omtrent like mange menn som kvinner (ca 30) kvart år. Vi skal snart sjå på nokre forskjellige utflyttingstal også for forskjellige alderskohortar. Men først nokre meir generelle trekk.


Som vi såg i tilvekstfiguren, har det vore ein stabil negativ tilvekst i regionen, sett bort frå 1993. Dette finn vi, sjølvsagt, igjen i folketalsutviklinga i regionen. Ser vi på utviklinga sia 1980, samanlikna med nokre andre regionar, får vi figuren vi ser på neste side.



**Figur 10 Folketalsutvikling 1980-2007, utvalde regionar (1980=100)**

Grafen kan moglegvis vere vanskeleg å lese, men rangeringa i kodinga i grafen er den same som den som har auka mest og minst. Noreg er grafen som har auka mest, Midt-Gudbrandsdal og Nord-Gudbrandsdal har negativ vekst. Som vi ser har Midt- og Nord-Gudbrandsdal minka sterkt, medan dei andre regionane vi har vald, har auka i folketal.

Men kven er det som flytter? Det er først og fremst dei unge:




**Figur 11 Alder på dei som flytter frå Nord-Gudbrandsdal, gjennomsnitt frå siste 28 år**

Figuren på førre side viser den gjennomsnittlege alder på dei som flytter dei siste 28 åra (minus unntaksåret 1993). Ein skulle tru at 25-29 år var den perioden flest flytta, sia det er i denne perioden flest gjer ferdig studiane sine og melder flytting. Grunnen til at så mange historisk sett har meldt flytting i 20-24 års alderen, er truleg på grunn av at mange flytta for å jobbe, ikkje studerer og at mange har tatt kortare høgre utdanning. Denne tolkinga styrkast av at aldersgruppa 25-29 er ”like dårleg” som aldersgruppa 20-24 om vi tar berre dei siste ti år med i rekninga. Dette fordi, truleg, at fleire og fleire unge tar høgre utdanning og at dei utset når dei skal vere ferdig med utdanninga si. Studentar melder som regel ikkje flytting før dei har fått seg jobb grunna spesielle reglar i lånekassa (dette ser ut til å endre seg nå).<sup>7</sup>


På neste side ser vi folketalspyramider for Noreg og Nord-Gudbrandsdalen frå 2007 og 1980. Desse er basert på 5 års-kohortar (grupper) og gjev eit raskt bilete på utviklinga i alderssamansettinga i Nord-Gudbrandsdalen, samanlikna med Noreg dei siste 28 år. Legg merkje til at leseretninga er ”omvendt”, 2007-pyramiden er til venstre og 1980-pyramiden er til høgre. Menn har lys farge og er til venstre i pyramiden, kvinner har mørk farge og er til høgre i pyramiden.

<sup>7</sup> [http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/rapporter\\_planer/rapporter/2000/Vertskommunenenes-ansvar-for-studentvelferd/4.html?id=277348](http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/rapporter_planer/rapporter/2000/Vertskommunenenes-ansvar-for-studentvelferd/4.html?id=277348)



**Figur 12 Folketalspyramide 2007 og 1980, Nord-Gudbrandsdal**

Kjelde: SSB/Panda/ØF



**Figur 13 Folketalspyramide 2007 og 1980, Noreg**

Kjelde: SSB/Panda/ØF

Det som er lettest å sjå på desse figurane, er at aldringa er komen godt i gong både i Noreg og i Nord-Gudbrandsdal. Men vi ser òg at aldringa har kome noko lenger i Nord-Gudbrandsdal enn i landet elles. Dette er på grunn av utflytting, først og fremst. Dette ser vi ut ifrå når pyramiden er på sitt "tjukkaste". Det er i aldersbraketten 55-69 år for Nord-Gudbrandsdal, og aldersbraketten 35-39 for landet elles. Vi ser òg at figuren for Nord-Gudbrandsdalen i 2007 har ei smal midje, og at kvinner i alderen 20-24 år flytter ut i noko større mon enn menn, men dei kjem i noko større mon tilbake òg. <sup>8</sup> Om vi ser på aldersgruppa kvinner og menn 20-24 år over dei siste 28 åra, flytta det ut i snitt 24,5 kvinner per år, samanlikna med 20 menn. Ser du på aldersgruppa 30-40, derimot, finn du at kvinner da har positiv nettoflytting, medan menn enno har negativ nettoflytting (-0,5 i snitt mot 1 i snitt). Dette er sjølvsagt òg fordi kvinner da har ein mykje mindre

<sup>8</sup> Det er sjølvsagt nødvendigvis ikkje dei same kvinnene som kjem tilbake. For å finne ut av dette må ein gjennomføre longitudinelle studiar, der ein fylgjer flyttingane til bestemte individ.



”base” å gå ut ifrå. Det vil seie at det ikkje er så mange kvinner igjen som kan tenkje seg å flytte, at det er ”mindre å ta av”.


Sjølv om menn i like stor grad som kvinner flytter ut av regionen i snitt, er det likevel eit ”kvinneunderskot” i alderen 20-39 år (som ofte blir brukt for å vise kvinneunderskot i regionen). Dette er fordi kvinner flytter tidlegare enn menn, og fordi det rett og slett er eit nasjonalt kvinneunderskot i denne aldersgruppa. Her er det svært store forskjellar mellom dei ulike kommunane, men vi vil likevel konsentrere oss om regionsnivå her.

**Tabell 2 Andel kvinner per menn, 20-39 år, 2007, Nord-Gudbrandsdal**

2007	Menn	Kvinner	Kvinner per 100 menn
20-24 år	559	510	91
25-29 år	489	390	80
30-34 år	496	496	100
35-39 år	639	627	98
20-39 år	2183	2023	93
		Tal for Noreg	96,5


Det er 93 kvinner per 100 menn mellom 20 og 40 år i Nord-Gudbrandsdal, dette samanlikna med landssnittet på 96,5.

Det er til dels store variasjonar frå år til år i slike tabellar. Grafen under, viser utviklinga i dette talet i Nord-Gudbrandsdal sia 1980.



**Figur 14 Andel kvinner mellom 20-39, Nord-Gudbrandsdal, 1980-2007**

Kvinner mellom 20 og 40 ser med andre ord ut til å nærme seg menn. Dette kjem hovudsakleg av to ting. For det første har det med statistiske forskjellar i kohortar å gjere. Det varierar ganske mykje kor mange jenter og gutar som blir fødde i regionen. For det andre heng det saman med at menn i noko større grad flytter ut nå, slik kvinnene har gjort før dei. Ser vi på folketalsutviklinga sia 1980 for denne gruppa og skil på kjønn får vi følgjande graf.



**Figur 15 Befolkning mellom 20 og 40, 1980-2007, menn og kvinner**

Som vi ser nærmar kvinner og menn seg, men det betyr ikkje at situasjonen er betre.

For å vise at statistiske forskjellar òg spelar ein stor rolle, kan vi peike på den gruppa kvinner som nå er mellom 40 og 44 år. Dette er ei gruppe som alltid har vore lita i regionen (det blei fødd få kvinner akkurat i denne kohorten). Dette får det utslaget at det ser ut som det manglar kvinner i denne alderen i folketalspyramiden. Dette gjorde òg at det i 2005 var berre 87 kvinner per 100 menn i alderen 35-39 år, mot 98 i 2007. Når dette blir skrive, i slutten av 2008, er det svært få jenter i regionen som er mellom 15 og 19 (84 jenter per 100 gutar). Dette vil truleg føre til at indikatoren ”kvinner per 100 menn i alderen 20-39 år” vil forverre seg i åra som kjem, utan at det er eit fylgje av spesielt mislukka eller vellukka strategi. Ein må altså vere var for slike tilfeldige svingingar når ein gjer opp status. For å illustrere inkluderar vi på neste side den fulle oversikta over aldersgrupper for 2007:

**Tabell 3 Oversikt over kvinner per 100 menn i alle aldersgrupper, 2007**


Alder	Menn	Kvinner	Kvinner per 100 menn
0-4 år	506	464	92
5-9 år	600	561	94
10-14 år	622	621	100
15-19 år	674	563	84
20-24 år	559	510	91
25-29 år	489	390	80
30-34 år	496	496	100
35-39 år	639	627	98
40-44 år	652	589	90
45-49 år	688	670	97
50-54 år	724	699	97
55-59 år	737	654	89
60-64 år	633	624	99
65-69 år	498	504	101
70-74 år	402	432	107
75-79 år	382	434	114
80-84 år	295	389	132
85-89 år	137	260	190
90-94 år	59	105	178
95-99 år	9	13	144

Det er berre 92 jenter per 100 gutar i alderen 0-4 år. Altså mindre enn "kvinneunderskotet" i gruppa 20-39 år. For gruppa under fem år er det nok ikkje snakk om at jentene har flytta til byen for å ta utdanning.

Det er likevel ein del utfordringar når det gjeld fråflytting. Det er òg sant at det er fleire kvinner enn menn som flytter tidleg i sin flyttekarriere.

### **3.2.1 Nær framtid**

Vi har ikkje med lange folketalsframskrivingar her, da det er knytt stor usikkerheit til dei og dei er av mindre nytte i denne samanheng. Vi inkluderar folketal for 1. januar 2009. Nasjonalt er det berekna ein folketilvekst på 64 000 menneske i 2008, noko som er svært høgt.



**Figur 16 Utvikling av folkevekst Noreg 1951-2009**  
 Kjelde: SSB/ØF tal for 2008 og 2009 er estimerte

Som vi ser av figuren var framskreve tilvekst for 2009 heile 13 promille, ein dobling i veksten sia 2004. Denne veksten kjem først og fremst av høg innflytting til Noreg (70 prosent av veksten kom frå innvandring, opp frå 58 prosent i 2006), og er ein vekst alle fylka i Noreg tar del i.<sup>9</sup> Sjølv om ikkje 13 promille, eller 1,3 prosent årleg vekst høyrer så mykje ut, er det den høgaste vekstraten som er registrert sia 1951.<sup>10</sup> Men kva blir stoda for Nord-Gudbrandsdal?

**Tabell 4 Estimert tilvekst 2008-2009, absolutte tal**

	01.jan.08	est. tilvekst	01.jan.09
Dovre	2778	-8	2770
Lesja	2168	-3	2165
Skjåk	2331	-16	2315
Lom	2407	-7	2400
Vågå	3717	-12	3705
Sel	6005	5	6010
Nord-Gudbrandsdal	19406	-41	19365

Kommunane i Nord-Gudbrandsdal tek ikkje del i denne rekordhøge folketalauken i Noreg. Tvert i mot fortsett nedgangen. Sjølv om dette er ei estimering, er det truleg at

<sup>9</sup> <http://www.ssb.no/folkber/tab-2008-12-12-01.html>

<sup>10</sup> Frå det året har vi gode tal på folketilvekst

den vil gje eit riktig bilete sia vi allereie nå veit såpass mykje om kva om har skjedd dette året. Ein negativ tilvekst på 41 er likevel mykje betre enn tilveksten i 2007, som var minus 150.

### 3.3 Kva er attraktivitet

Attraktivitetsomgrepet har fått mykje merksemd dei siste åra. Dette med bakgrunn i dominerande teoriar om regional utvikling, som seier at ein er avhengig av dei rette menneskelege ressursane (human kapital) for å få til økonomisk og regional vekst (døme kan vere Florida (2008)).

Attraktivitet må innebere ein stads evne til å tiltrekkje seg nye tilflyttarar. Tanken rundt bulyst, til dømes, har vore at auka bulyst vil auke tilflytting. Men er det slik? Det kjem sjølv sagt an på korleis ein måler attraktivitet, men med dei mål vi har i Noreg i dag, er det litt tvilsamt om dette stemmer. I Noreg i dag har vi tre forsøk på å lage landsdekkande indeksar som på ulike måtar måler attraktivitet eller bulyst.

Vi har SSB si levekårundersøking, som måler gjennomsnittleg levekår i forskjellige kommunar. Denne indeksen er basert på enkeltindikatorar som sosialhjelp, dødelegheit, uføretrygd, attføringsspengar, arbeidsledige, overgangsstønad og låg utdanning. I denne indikatoren kjem særskilt Nord-Noreg dårleg ut, små kommunar på Vestlandet gjer det best. Korleis Nord-Gudbrandsdal gjer det, kan ein sjå i samletabellen under.

Ein annan indikator er avisa Dagens Næringsliv si rangering av kva for kommunar som er best å bu i.<sup>11</sup> Denne tar òg utgangspunkt i SSB, men har ikkje tall frå levekårundersøkinga. Rangeringa baserer seg på registerdata gruppert i tre hovudgrupper: levestandard, sosiale tilhøve og tenestetilbod.

#### 1. Levestandard

- Helse: uførepensjonistar 16-49 år, sjukefråver, levealder
- Materielle godar: median bruttoinntekt 17+ år, median bruttoformue 17+ år, sosialhjelpstilfelle per 100 innb. 16+ år
- Familiesituasjon: del einslege stønadmottakarar av alle som mottek barnetrygd, del skilte eller separerte 16-66 år, del dei som ikkje lever i parforhold 18+ år.

---

<sup>11</sup> <http://www.dn.no/forsiden/politikkSamfunn/article1461694.ece>

## 2. Sosiale tilhøve

- Arbeidsmarknad: del arbeidsledige 25-66 år
- Likestilling: SSBs likestillingsindeks
- Bustad og marknad: gjennomsnittleg kvadratmeterpris for einebustandar
- Tryggleik: meldte lovbrøt i alt
- Natur og miljø: Sykkel-, gangvegar/turstiar m/kommunalt driftsansvar i km per 10.000 innbyggjar, utslepp til luft frå vegtrafikk av svovel, tonn per km<sup>2</sup>, utslepp til luft frå vegtrafikk av svevestøv i tonn per km<sup>2</sup>
- Sosialt miljø: valdeltaking i kommunestyrevalet 2007, tal på lag som mottek kommunale driftstilskot per innbyggjar, netto innflytting i prosent av folketalet, nyetableringar av føretak i prosent av eksisterande føretak

## 3. Tenestetilbod

- Netto driftsutgift til aktivitetstilbod for barn og unge per innbyggjar 6-18 år, del barn 1-5 år med barnehageplass, elevar per lærar i grunnskulen, utførte årsverk av helsefagleg personell i kommunehelsetenesta per 1000 innbyggjarar, behovsindeks for pleie- og omsorgstenesta i kommunane, del plassar i brukartilpassa einerom m/eige bad og wc i pleie- og omsorgstenesta, gjennomsnittleg behandlingstid i byggesaker, vurderingar av kommunal service

Ein siste indeks vi tar med her, er Telemarkforskning og NHO sitt attraktivitetsbarometer.<sup>12</sup> Denne indikatoren tar utgangspunkt i forskjellar i nettoflyttetal, og korleis dei er relatert til vekst i sysselsetting. Da vil ein sjå forskjell i flytting som har med auke i arbeidsplassar å gjere, og flytting som ikkje er utløynt av arbeidsplassauke. Indikatoren tar utgangspunkt i at dei stedane som har større vekst i folketal enn det ein kunne forvente ut frå endring i sysselsette, er attraktive. Det får den konsekvens at ein kommune som har negativ sysselsettingsutvikling, kan framstå som attraktiv om ikkje så mange flytter som ein kunne vente (døme er Glåmdalen ved kommunen Sør-Odal).

I det følgjande har vi samanstillt desse tre indikatorane med flytteoverskot i prosent frå 2000 til 2007. Dei ti øvste er dei ti "beste" kommunane i landet, medan dei under desse alle kommunane i Oppland. Kommunane i Nord-Gudbrandsdal er fargelagt, for å lette lesinga.

---

<sup>12</sup> [http://www.nho.no/getfile.php/filer%20og%20vedlegg/NHO\\_Attr-barometer\\_08\\_orig\\_Lowres%281%29.pdf](http://www.nho.no/getfile.php/filer%20og%20vedlegg/NHO_Attr-barometer_08_orig_Lowres%281%29.pdf)

**Tabell 5 Samanlikning av forskjellige indikatorar**

SSBs levekår		DNs beste kommune		NHO/TF Attraksjon		Flytteoverskudd	
1	Hornindal	1	Luster	1	Rennesøy	1	Ullensaker
2	Utsira	2	Leikanger	2	Sørum	2	Hvaler
3	Vindafjord	3	Forsand	3	Bokn	3	Nannestad
4	Stranda	4	Suldal	4	Ullensaker	4	Skedsmo
5	Rennesøy	5	Masfjorden	5	Eidsvoll	5	Rennesøy
6	Leikanger	6	Sirdal	6	Sør-Odal	6	Sørum
7	Sandøy	7	Hjelmeland	7	Hole	7	Gjerdrum
8	Masfjorden	8	Siljan	8	Skedsmo	8	Askøy
9	Hemsedal	9	Tydal	9	Kvitsøy	9	Spydeberg
10	Sola	10	Lærdal	10	Aurskog-H.	10	Eidsvoll
66	Lesja	41	Lom	31	Etnedal	74	Jevnaker
76	Vang	45	Vang	47	Øystre Slidre	77	Gjøvik
87	Gausdal	61	Lesja	51	Gjøvik	84	Østre Toten
98	Skjåk	68	Skjåk	59	Lunner	90	Øystre Slidre
99	Sør-Fron	89	Sør-Aurdal	62	Lillehammer	91	Gran
100	Øystre Slidre	101	Etnedal	80	Gran	99	Lillehammer
134	Lillehammer	115	Vågå	101	Vestre Toten	100	Etnedal
135	Lom	119	Gausdal	142	Lom	127	Øyer
136	Øyer	132	Øyer	179	Nord-Aurdal	149	Lunner
150	Etnedal	150	Ringebu	185	Vågå	172	Skjåk
160	Vestre Slidre	152	Sør-Fron	202	Sør-Fron	185	Gausdal
177	Vågå	159	Vestre Slidre	203	Sel	190	Dovre
178	Nord-Fron	164	Nord-Fron	208	Øyer	191	Søndre Land
179	Ringebu	181	Østre Toten	211	Jevnaker	210	Nord-Aurdal
221	Lunner	194	Øystre Slidre	225	Nord-Fron	213	Nordre Land
231	Østre Toten	207	Gran	258	Østre Toten	217	Vågå
239	Nordre Land	224	Dovre	259	Søndre Land	229	Vestre Slidre
249	Sør-Aurdal	254	Søndre Land	264	Nordre Land	234	Ringebu
256	Gran	278	Nord-Aurdal	281	Lesja	254	Nord-Fron
274	Sel	285	Lunner	299	Skjåk	290	Vang
275	Søndre Land	333	Lillehammer	319	Dovre	295	Sør-Fron
276	Nord-Aurdal	343	Gjøvik	327	Ringebu	304	Vestre Toten
286	Dovre	358	Vestre Toten	345	Gausdal	308	Sør-Aurdal
294	Jevnaker	364	Nordre Land	373	Sør-Aurdal	310	Lesja
318	Gjøvik	369	Sel	408	Vestre Slidre	315	Lom
343	Vestre Toten	374	Jevnaker	430	Vang	333	Sel

Eit hovudpoeng her er at forskjellige mål på attraktivitet i liten grad stemmer med faktiske flyttestraumar. Dette får den teoretiske konsekvens at vi må vere varsame med kor mykje vekt vi legg på vår bulystanalyse – skal vi leggje tala referert til i tabellen over til grunn, fører ikkje bulyst til auka tilflytting. Vi skal kome tilbake til teorien rundt kvifor bulyst likevel kan vere verdtd å ha med i ein slik analyse.





## 4 Kven er våre informantar

Her skal vi kort gå gjennom nokre av kjenneteikna til vårt utval av informantar. Det er viktig å hugse på at vi her ikkje har noko mål om å generalisere til den reelle populasjonen i Nord-Gudbrandsdalen, men at vi ønskjer å få eit innblikk i nokre av dei meiningane som finst om det aktuelle tema i dalen. Lesaren må difor ikkje trekkje konklusjonen ”slik er det i Nord-Gudbrandsdalen”. For å vise at vi ikkje kan generalisera til alle i Nord-Gudbrandsdal, skal vi nå sjå på nokre av bakgrunnsvariablane til dei som svara på undersøkinga. Som vi ser har dei ikkje same samansetting som populasjonen.

Vi hadde kvinner som hovudmål for denne undersøkinga, men det var òg viktig å få med menn, som ein kunne bruke som referansekategori. 70 prosent av dei som svarte var kvinner. Gjennomsnittsalderen for dei som svara var 42,7 år, medianen var 40 og standardavviket var på ca 10. Det vil si at vi har treft ganske godt ”dei unge arbeidande”. Kvinner var i snitt 41 år, mens menn som svara var i snitt 47 år.

Den geografiske fordelinga er ganske god. Det vil seie at vi har ei relativt god fordeling på dei forskjellige kommunane ut ifrå det ein kunne forvente. Vi kunne likevel ha ønskt oss ein endå betre fordeling, slik at vi kunne brukt kommunenivå i større grad som ein eigen kategori i analysen.

**Tabell 6 Kommunefordeling**

	Frekvens	Prosent
Anna kommune	6	2
Dovre	30	13
Lesja	46	20
Lom	39	17
Sel	51	22
Skjåk	33	14
Vågå	26	11
Total	231	100

Sjølv om Vågå, Dovre og Skjåk berre har ca 30 respondentar, er det enno, teoretisk sett, mogleg å bruke kommune som analysenivå. Det vil likevel bli gjort med varsemd. Kategorien ”anna kommune” blei inkludert sia det ikkje var utelukka at listene inneheldt nokre som ikkje var busett i regionen. Men som vi ser, gjaldt ikkje dette mange.

I tillegg har vi nokre andre bakgrunnsvariablar, dei er vist i dei følgjande tabellane:

**Tabell 7 Bustadtype, prosent**

	Prosent	Kvinne	Mann
Tettbygd	33	35	28
Spreiddbygd	64	61	72
Verken eller/ veit ikkje	3	4	0
N=232	100	100	100

**Tabell 8 Flyttekarriere, prosent**

	Total	Kvinne	Mann
Bufast	27	18	47
Tilbakeflyttar	45	48	38
Nyinnflyttar	28	34	15
N=216	100	100	100

Det er viktig å hugse at dette ikkje gjeld alle i Nord-Gudbrandsdalen, men vår målgruppe. Likevel er tala såpass tydelege at vi kan anta at trenden vi finn her gjeld. Tradisjonelt, har det vore slik at kvinner i større grad flytter ut av regionen. Dette både for å få seg utdanning, men òg for å busette seg ein annan plass for å arbeide eventuelt inngå sambuarskap/gifte seg. Også nå er det slik at det i større mon er kvinna enn mannen som flytter når ein skal busette seg (Grimsrud 2005). Dette kjem tydeleg fram ved at det er fleire kvinner enn menn som er nyinnflyttarar til regionen. Tradisjonelt har dette hatt samanheng med overtaking av gard. Også etter at odelsloven frå 1975 ikkje skil på kjønn, er det flest menn som overtar garden etter foreldra. Det er grunn til å gå ut frå at dette gjer seg gjeldande enno i Nord-Gudbrandsdal.

**Tabell 9 Kor lenge har du budd i regionen, prosent**

	Prosent	Kvinne	Mann
Under 5 år	12	16	3
Mellom 5 og 10 år	17	21	8
Mellom 10 og 20 år	24	27	14
Over 20 år	47	36	75
N=225	100	100	100

**Tabell 10 Utdanningsnivå, prosent**

	Prosent	Kvinne	Mann
Grunnskule	2	1	3
Vidaregåande-/yrkesskule	29	24	43
Lågare høgre utdanning ( $3 < X < 5$ ) <sup>13</sup>	32	34	28
Høgre høgre utdanning ( $X > 5$ )	37	41	26
N=231	100	100	100

Som vi ser, har vi ein del forskjellar i kjønn, slik vi såg det i registerdata. Vi legg òg merkje til at vi har nådd folk med mykje høgre utdanning enn snittet i regionen. Dette må ein difor merkje seg i den vidare analysen. Vi analyserar her i først og fremst folk med høg utdanning i arbeid. Å få slike ”elite-utval” er eit tilbakevendande tema i undersøkingar som er nettbaserte, sia terskelen for å kome med på e-postlister og det å ha lett tilgong til internett slett ikkje er sjølvsgagt.<sup>14</sup>

---

<sup>13</sup> Lågare høgre utdanning minst 3 år høgre utdanning. Høgre høgre utdanning = 5 år eller meir

<sup>14</sup> Sjå Berrens med fleire (2003) for ein diskusjon av desse høva



## 5 Univariante og bivariate analysar

I dette kapitlet skal vi kort gjennom nokre univariate og bivariate analysar. Det vil seie analysar som berre ser på ein til to variablar.

### 5.1 Flytting

Eit av spørsmåla i undersøkinga gikk på om dei rekna med å flytte ut av Nord-Gudbrandsdalen. Av dei som svara på dette spørsmålet fekk vi følgjande fordeling.

**Tabell 11 Flytteplanar/undersøkingstype, prosent**

	Alle	E-post	Oppe undersøking
Ingen flytteplanar	90	94	84
I gang med å flytte	3	2	4
Reknar med å flytte snart (3 år)	7	4	11
N=224	100		100 <sup>15</sup>

Det er interessant å merkje seg at talla varierte ganske mykje frå dei som har svart på undersøkinga frå invitasjon, og dei som har svart på den opne undersøkinga. Men av dei som har ein meining om dette, har heile 90 prosent ikkje planar om å flytte. Men likevel, 7 prosent har planar om å flytte snart. Dette spørsmålet blei òg stilt i ein undersøking i 2002 (Østlandsforskning 2002). Her svarte 94 prosent av dei i regionen at dei ikkje hadde nokre flytteplanar. Grunnen til at dette talet er 94 prosent i vår undersøking er i hovudsak at vi har ei overvekt av kvinner med høg utdanning i vårt utval. Begge er grupper som viser seg å ha større mobilitet enn gjennomsnittet. I tillegg har alder noko å seie; dei som reknar med å flytte er, ikkje uventa, yngre enn dei som ikkje har planar om å flytte. Gjennomsnittsalderen til dei som er i gong med å flytte er høg, jf tabell 7, særleg på grunn av nokre enkelttilfelle, men likevel verd å merkje seg.

---

<sup>15</sup> Den observante lesar vil sjå at dette eigentleg er 99. Vi skriv likevel 100 sia summering er gjort før avrunding

**Tabell 12 Flytteplanar, gjennomsnittsalder**

	Gj.snitt alder
Ingen flytteplanar	43
I gong med å flytte	46
Reknar med å flytte snart (3 år)	39
N=221	43

Dei aller fleste har ingen planar om å flytte (90 prosent), difor er det naturleg at gjennomsnittsalderen er nær utvalet sett under eitt. Men at dei som reknar med å flytte snart, er litt yngre enn snittet, passar med at vi veit at det gjerne er før ein er 30 at ein flyttar. I 2007 var gjennomsnittsalderen blant dei som flytta ut av regionen 29 år, medianen var 26 år (Panda/ØF).

Vi såg òg på om det spelte nokon rolle for flytteplanane om du budde spreiddbygd eller tettbygd. Det gjorde det ikkje. Det var tvert i mot overraskande liten forskjell (for dei interesserte ligg tabellen i vedlegget).

Ofte er det snakk om dei med høgre utdanning i tilflyttingsprosjekt. Når det gjeld å halde på dei med høgre utdanning, ser det i alle fall lovande ut. Dei med høgre utdanning har i større grad enn dei med lågare utdanning ingen planar om å flytte. Dette har truleg fleire grunnar. For det første er dei med høgre utdanning naturleg nok i stor grad tilbake- og nyinnflyttarar, så det er folk som relativt nyleg har tatt ei avgjerd om kor dei vil bu. Det er difor naturleg at dei òg har tenkt å bli ei stund. Det er likevel på sin plass å minne om at folk med høgre utdanning i praksis har større mobilitet, så det er ikkje sikkert at dette viser seg i røynda.

**Tabell 13 Flytteplanar etter utdanningsnivå, prosent**

	Grunnskule	Vidaregåande- /yrkesskule	Lågare høgre utdanning	Høgre høgre utdanning
Ingen flytteplanar	75	88	89	95
I gong med å flytte	0	3	6	1
Reknar med å flytte snart	25	9,2	6	4
N=223	100	100	100	100

Kolonnen med grunnskule lyt ein ikkje leggje for mykje vekt på. Svært få har berre grunnskule, så enkeltindivid får alt for stor vekt. Tendensen med at jo høgre utdanning du har, jo klarare er det på at du vil bli, er likevel verdt å merkje seg. Det skal vi òg sjå i regresjonsanalysen i neste kapittel


Til slutt inkluderar vi ei kommuneoversikt. Men hugs, dette seier ikkje noko om kva for kommune som har flest med konkrete flytteplanar, det seier berre noko om vårt spesifikke utval.

**Tabell 14 Flytteplanar etter kommune, prosent**

	Dovre	Lesja	Lom	Sel	Skjåk	Vågå
Ingen flytteplanar	96,6	95,6	87,2	89,8	84,8	92,3
I gong med å flytte	0,0	0,0	2,6	2,0	6,1	7,7
Reknar med å flytte snart	3,4	4,4	10,3	8,2	9,1	0,0
N=224	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0

## 5.2 Arbeidslyst

Vi inkluderte òg eit spørsmålsbatteri om arbeidsliv, dei funna er presentert deskriptivt i det følgjande.

**Figur 17 Arbeidslyst**

$N \geq 211$

Som vi ser, trivst norddølen i arbeidet sitt. Men det er mindre tru på eigen og dalen sitt entreprenørskapsmiljø. Heile 30 prosent var heilt ueinig i påstanden "Nord-Gudbrandsdalen er ein god stad for folk som vil starte ny verksemd", som vi har definert som eit mål på opning for entreprenørskap. På den andre sida meiner like mange at Nord-Gudbrandsdal er ein god stad å starte ny verksemd. Folk er med andre ord i liten grad samde om dette spørsmålet.

I underkant av 17 prosent vurderer å etablere eigen verksemd. Interessant nok er det fleire kvinner enn menn, som ønskjer å bli entreprenørar. 17,5 prosent av kvinnene oppgjev at dei anten er delvis eller heilt einig i at dei vurderer å etablere eigen verksemd. For menn var det 16 prosent. Da er det noko paradoksalt at menn i større grad enn kvinner opplever at Nord-Gudbrandsdal er ein god stad for folk som vil starte ny verksemd.


**Tabell 15 Sum av dei som er heilt eller delvis einig i påstanden, i prosent av total**

	Kvinner	Menn
Vurderer å starte ny verksemd	17,5	16
Norddalen er ein god stad å starte ny verksemd	25	30

Det blir difor viktig i arbeidet framover å få ut det potensialet som tydelegvis ligg blant kvinnene, og å endre haldningar slik at òg kvinnene i større grad føler at Nord-Gudbrandsdal er ein god stad å starte ny verksemd.

### 5.3 Bulyst

Vi inkluderte òg eit spørsmålsbatteri som gjekk på kor nøgd dei var med nokre faktorar vi veit er viktige for bulyst. Det kom ut på følgjande måte.



**Figur 18 Bulyst**

$N \geq 230$

Ikkje uventa viste det seg at dei to faktorene dei var best nøgd med var moglegheiter for naturopplevingar og gode oppvekstmiljø for ungar. I neste kapittel skal vi sjå på kor viktig desse faktorene er for ”stadstilfredsheit”.

Kjønnsforskjellane var ikkje store. Fråveret av forskjellar er i grunn det mest interessante. Men òg her finn vi nokre forskjellar. Til dømes er menn i stor grad mindre nøgd med sitt sosiale liv.




**Tabell 16 Krysstabell kjønn og "det sosiale liv"**

	Mann	Kvinne	I alt
Svært nøgd	16,2	25	22,4
Nøgd	52,9	44,5	47
Verken eller	14,7	23,2	20,7
Lite nøgd	14,7	6,1	8,6
Svært lite nøgd	1,5	1,2	1,3
TOTALT	100	100	100

N=232

I vårt utval er altså kvinnene meir nøgd med det sosiale liv enn menn.

Spørsmålet om kor nøgd dei var med forskjellige bufaktorar heng òg saman med kva informantane meinte ein burde fokusere på når ein skal "marknadsføre" regionen. Spørsmålet vi stilte var: "Kva vil du seie er så unikt i regionen at du finn det viktig å marknadsføre for potensielle tilflyttarar?". Vi fekk følgjande fordeling.




**Figur 19 Kva er viktig å marknadsføre**  
N ≥ 222

Det er altså viktig å marknadsføre det dei er nøgd med. Interessant nok, vektlegg mange at det er viktig å marknadsføre samhald og sosiale relasjonar. Færre meiner det er viktig med spesiell arkitektur, tenestetilbodet og kulturarrangement.

I det føregåande har vi sett på kva vår informantar meiner om staden dei bur på. I den vidare analysen skal vi samanlikne med kva dei sjølv meiner å leggje vekt på når dei flyttar. Vi stilte følgjande spørsmål:

Angje kor viktig nokre moment er når du velgjer kor du vil bu.



Figur 20 Kva er viktig når ein vel kvar ein vil bu

$N \geq 225$

Her var det større forskjellar mellom kjønna. Det er altså ikkje stor forskjell mellom kjønna når ein blir beden om å vurdere korleis det er der ein bor. Men det er nokre forskjellar når ein oppgjev kva som er viktig når ein vel kvar ein vil bu.

I fylgjande tabell har vi samanlikna kor viktig menn og kvinner finn forskjellige faktorar. Verdien 1 er svært viktig og verdien 5 er heilt uviktig

Tabell 17 Krysstabell, kjønn og vektlegging av flyttefaktorar

	Fritids- aktivitetar	Natur- opplevingar	Oppvekst- miljø	Teneste- tilbod	Kultur- tilbod	Slekt og vener	Arbeid
Mann	1,8	1,8	1,6	2,0	2,4	2,1	1,6
Kvinne	1,7	1,6	1,3	2,0	2,1	1,9	1,3

Hugs, lågast tall er viktigast. Det er viktig å leggje merkje til at kvinner i større grad enn men oppgjer ting som viktigare enn menn, når det gjeld alle desse spørsmåla. Dette er i seg sjølv interessant; det kan tyde på at kvinner er mindre "likegyldige" når dei vurderar kor dei vil flytte. Det er difor og merkje seg der forskjellen er størst. Og det er oppvekstmiljø, kulturtilbod og arbeid.

Til ein viss grad, ser vi at det er ein samanheng mellom det informantane er mest nøgd med i regionen, og det dei vektlegg når dei skal flytte. Til dømes, kjem oppvekstmiljø høgt oppe både

i vektlegging og i kor nøgd dei er. Eit interessant poeng er arbeid. I nokre analysar i det siste har vektlegginga av arbeid kome lenger ned på lista over kva som er viktig når ein flytter. Til dømes er Florida ein av dei som har argument som liknar dette, òg geografen Gro Marit Grimsrud har formulert seg i liknande termar (Florida 2008; Grimsrud 2005; Grimsrud 2006). Om vi vektar etter snitt, så kjem arbeid ut som den viktigaste faktoren ein vurderar når ein flytter. Men om vi ser på kva som er ”svært viktig”, ser vi at oppvekstmiljø kjem høgre opp. Ein kan dermed argumentere for at oppvekstmiljø er like viktig, og for mange viktigare, enn arbeid når dei vurderer kor dei flytter. Det er viktig å hugse at dette nok ber preg av at vi har hatt ein unormalt ”velvillig” arbeidsmarknad i Noreg, som gjer ein slik prioritering faktisk mogleg. Om finanskrisa fører med seg ein annan arbeidsmarknad hadde det vore interessant å gjenta denne undersøkinga.




## 6 Multivariate analysar

I førre kapittel såg vi på nokre enkle univariate og bivariate samanhenger, her skal vi prøve å gå litt djupare inn i materien. Vi skal teste ut to samleindikatorar ved hjelp av multivariate analysar. Desse to indikatorane er bulyst og arbeidslyst. Dette var, mellom anna, for å sjå om dei same faktorane påverkar arbeidslyst som bulyst.

### 6.1 Bulyst

Her skal vi teste årsaksmodellen som blei presentert i kapittel 1. Den såg slik ut:



**Figur 21 Stadstilfredsheitsmodellen**

Ein brukar faktoranalyse for å finne ut om ein empirisk modell er god eller ikkje. Etter at ein har gjennomført faktoranalysen, kan ein bruke faktoren ein får til å sjå om det er nokon forskjell i korleis dei uavhengige variablane vi har med, påverkar vår skala for "stadstilfredsheit". Dei uavhengige variablane vi har med kjem fram på neste side:

- Kjønn
- Utdanningsnivå

- Bustadkommune
- Flytteplanar
- Bustadtype
- Alder
- Kor lenge du har budd i regionen
- Tilbakeflyttar/nyinnflyttar/bufast

I tillegg til å kunne brukast for å finne korleis ulike uavhengige variablar påverkar ”stadstilfredsheit” får vi òg innsyn i kva folk i regionen vektlegg som viktig for bulysta si. Vi må og hugse at dei svara vi kjem fram til her, berre gjeld akkurat denne gruppa vi har fått svar frå i vår undersøking.

I ein slik analyse er det generelt sagt at ein treng minst ti observasjonar for kvar variabel ein har med, men at ein bør ha over 200 informantar for å få til ein god analyse. Vi hadde åtte variablar med, det vil seie at vi minst måtte ha hatt 80 informantar. Sia vi har i overkant av 200 informantar, er dette kravet dekkja.

Vi brukte faktoranalyse, korrelasjon og Cronbachs  $\alpha$  test, for å komme fram til ein indikator for ”stadstilfredsheit”.<sup>16</sup> Ein gjer ein faktoranalyse for å finne om ein faktisk måler ein og same dimensjon. Vi fann at vårt talmateriale styrka modellen på nokre punkt, men gjorde nokre endringar. Desse endringane kjem truleg av at talmaterialet som blei brukt i analysen frå USA, var basert på ein mykje meir urban befolkning enn det vi hadde. Vi fann at det å få nye vener ikkje spelte så stor rolle i vårt materiale, og bytta ut dette med ein meir generell oppfatning om det sosiale. Punktet om friområde blei tatt vekk, fordi det ikkje er relevant i rurale strok. Vi fekk da følgjande variablar som til saman utgjer stadstilfredsheit:

1. Oppvekstmiljø
2. Tenestetilbod
3. Kulturtilbod
4. ”Det sosiale liv”
5. Leve sjølvstendig
6. Trygt der
7. Arbeid
8. Opning for entreprenørskap

Nokre av punkta hadde ein noko svak korrelasjon, men blei inkludert fordi det har vist seg å vere viktig i tidlegare studiar. Dette gjeld spesielt punkt 6. Eit av punkta vi hadde i modellen, at staden er vakker, kunne blitt inkludert i modellen, men blei tatt ut, fordi den faktoren ”forstyrra” indikatoren, og gjorde det uklart om vi egentleg målte fleire forskjellige ting.

---

<sup>16</sup> Interesserte kan sjå vedlegg for grunnlagsanalysar, Cronbachs  $\alpha = 0,8$

Vi får altså ein indeks, bygd på dei nemnte variablar, som går frå 8 (perfekt stadstilfredsheit) til 40.

Ved hjelp av denne indikatoren, utførde vi ei regresjonsanalyse. Denne analysemåten finn kva for faktorar som påverkar stadstilfredsheit, og kva som ikkje påverkar stadstilfredsheit. Ein regresjonsanalyse er ein måte å lage ein modell på, som tar omsyn til at det er fleire faktorar som fører til noko. Vi gjennomfører ein regresjonsanalyse for å gjere modellen meir realistisk og for kontrollere for andre variablar, og dermed redusere residualane (Ringdal 2007 s. 373). Ein residual, eller predikasjonsfeil, er det som ”manglar” i modellen vår frå å gjere den til en perfekt etterlikning av det faktiske materialet vi har.

Det er fleire føresetnader ein må ta høgde for når ein gjer regresjonsanalysar, slik vi forklarar i vedlegget. Når ein gjer lineær regresjonsanalyse med mange forklaringsfaktorar kontrollerer vi for alle faktorar, det vil seie at forskjellige faktorar endrar på andre faktorar. Avhengig av modellen, får du difor forskjellige resultat. Her skal vi inkludere to modellar, ein som inkluderar forklaringsfaktorar som vi strengt kan rekne som uavhengige, og ein modell med nokre faktorar som det teoretisk sett er meir usikkerheit rundt.

**Tabell 18 Faktorar som påverkar stadstilfredsheit, modell 1**

	B	S.F.	Sig.
Konstant	17.147	1.109	***
budd meir enn ti år	-2.148	.736	***
Sel/Skjåk/Lom/Lesja	2.430	.729	***
Offentleg adm.	1.452	.823	*
bufast	-2.233	.888	**
nyinnflyttar	-1.266	.843	
Justert R <sup>2</sup> = 0,09			

\*\*\* = 0,01, \*\* = 0,05 \* = 0,1

Referansekategori: tilbakeflyttar; andre yrke; budd mindre enn ti år; Dovre og Vågå

Denne modellen har med seg det som vi strengt kan rekne som klare årsakssamanhengar. Det vil seie at desse kan vi rekne med påverkar stadstilfredsheit.

Her ser vi at det å bu lenge i dalen, gjer at folk oppgjer ein betre stadstilfredsheit, det same gjeld om du er bufast, jamfør om du er tilbakeflyttar. Òg nyinnflyttarar opplever ein litt betre stadstilfredsheit, men det er ikkje eit signifikant funn her.

Om vi inkluderar uavhengige faktorar, som vi ikkje strengt kan vite er uavhengige, får vi ein betre, men ikkje heilt anna modell. Her er det indikatoren arbeidslyst som er inkludert, som gjer den store forskjellen. Eit sentralt spørsmål, teoretisk, er da om trivsel på arbeidet fører til trivsel på staden der ein bur.<sup>17</sup>

<sup>17</sup> Variabelen ”arbeid” som inngår i faktoren ”stadstilfredsheit” er ikkje det same som blir brukt i samleindikatoren ”arbeidslyst”. Vi må likevel merkje oss at dei to korrelerer (Pearsons r = 0,697)

**Tabell 19 Faktorar som påverkar stadstilfredsheit, modell 2**

	B	S.F.	Sig.
Konstant	7.605	1.161	***
Sel/Skjåk/Lom/Lesja	1.723	.541	***
Bufast	-1.807	.699	**
Arbeidsløyst	.680	.053	***
Primærnærings	-1.883	.973	*
Høgare utdanning	1.191	.559	**
Nyinnflyttar	-1.372	.657	**
budd meir enn ti år	-.815	.557	
Justert R <sup>2</sup> = 0,52			

\*\*\* = 0,01, \*\* = 0,05 \* = 0,1

Ein del av dei same funna fann vi i den første modellen, dei funna som er i begge modellane er styrka. Men her fann vi òg ein del andre samanhengar som ikkje kom ut i den andre modellen.

Modellen får ein mykje høgare forklaringsfaktor. Her forklarar modellen over 50 prosent av variansen (mot 9 i den førre modellen). Ein lyt difor tolke tala med varsemd. Men vi kan likevel dra nokre interessante konklusjonar. Til dømes at dei som driv med primærnærings ser ut til å ha høgare stadstilfredsheit enn dei som driv i andre bransjar. Dette poenget var òg relevant i den førre modellen, men samanhengen var da ikkje signifikant (og blei tatt ut av modellen, sia den ikkje styrka den). Eit anna poeng blir òg med i tabellen, som ein lyt kommentere. Nemleg at dei med høgare utdanning (meir enn 3 år på universitet eller høgskule) har litt dårlegare stadstilfredsheit enn dei som har lågare utdanning.

Eit poeng som gjeld begge modellar, er at det viser det seg at både bufaste og nyinnflyttarar har litt betre stadstilfredsheit enn tilbakeflyttarar. Bufaste har til og med ein signifikant forskjell i forhold til tilbakeflyttarar (som er referansekategori) i begge modellane.

I vedlegg 2 ligg ein tredje modell der vi har tatt med "Eg reknar med å flytte innan tre år" som uavhengig variabel. For er det slik at å rekne med at ein flyttar førar til at ein trivst mindre? Eller vil ein flytte fordi ein trivst mindre? Vi har sjølv sagt eit problem med kausalitet her, altså at det går begge vegar. Men vi trur at folk som i framtida planlegg å flytte, vil få ein dårlegare stadstilfredsheit fordi dei "førebur" seg på å flytte og ikkje investerar i sosialt nettverk mm.

Kort kan ein samanfatta funna slik

- Dei som bur i Sel, Lesja, Skjåk og Lom har ein noko betre stadstilfredsheit enn dei som bur i Vågå og Dovre
- Dei som aldri har flytta ut har ein signifikant betre stadstilfredsheit enn dei som er tilbakeflyttar, òg nyinnflyttarar ser ut til å betre stadstilfredsheit enn dei tilbakeflytta
- Dei som jobbar i offentleg administrasjon ser ut til å litt dårlegare stadstilfredsheit enn dei som er i andre yrke, og dei som jobbar i primærnærings ser ut til å litt betre stadstilfredsheit



- Dei som har høgre utdanning (meir enn tre år på universitet/høgskule) ser ut til å ha litt dårlegare stadstilfredsheit i nokre av modellane

## 6.2 Arbeidslyst

Som allereie påpeikt: Arbeidslyst her er ikkje det same som kvardagstydinga av omgrepet. Sia jobb er så viktig i alle undersøkingar om flyttemotiv, følte vi at det var viktig med eit omgrep som godt kunne måle denne variabelen. Som vist i delkapittel 4.2, inkluderte vi nokre moment som til saman skulle dekke trivsel på arbeidsplassen, det vi kallar ”arbeidslyst”. Basert på arbeidet til Johannesen med fleire (2008) stilte vi seks påstandar som til saman utgjorde omgrepet arbeidslyst:

- Eg trivst saman med kollegene mine
- Eg har arbeid eg trivst med
- Eg får vere med å gje råd ved viktige avgjersler som gjeld min arbeidssituasjon
- Eg opplever å bli satt pris på som medarbeidar
- Eg får brukt evnene mine i arbeidet mitt
- Eg har ei utdanning eg kan bruke i arbeidet mitt

Denne indikatoren er blitt utvikla og testa før, det var difor venteleg at det skulle utgjere eit godt mål, noko det i svært høg grad gjorde. Våre analysar viser at dette er ein svært god indikator på arbeidslyst (sjå vedlegg for testar).<sup>18</sup> Den har likevel nokre teoretiske problem ved seg. Faktoren inneheld ikkje lønn, som vi veit er viktig for jobbkvardagen. I nokre undersøkingar er det òg funne at trivsel er viktigare enn lønn for å bli i ein jobb.<sup>19</sup> Lønn blei ikkje tatt med av praktiske årsaker (det er eit sensitivt spørsmål). Vi kunne ha spurt om kor nøgd dei er med lønna, men vi fant ikkje det tilfredstillande.

Vi gjorde ein liknande regresjonsanalyse som i førre delkapittel.

**Tabell 20 Faktorar som påverkar arbeidslyst**

	B	S.F.	Sig.
Konstant	9,8	1,70	***
Budd meir enn ti år i norddalen	-1,76	0,76	**
Bufast	-1,21	0,72	*
Primærnæring	3,08	1,23	**
Offentleg administrasjon	1,80	0,82	**
Alder	0,53	0,68	**
Kvinne	0,95	0,83	
Eg reknar med å flytte innan tre år	5,37	1,32	***
Justert $R^2$	0,14		

Referansekategori: Tilbakeflyttar; nyinnflyttar; budd mindre enn 10 år i norddalen; ikkje planar om å flytte; andre næringar

\*\*\* = 0,01, \*\* = 0,05 \* = 0,1

<sup>18</sup> Cronbachs  $\alpha$  på 0,809

<sup>19</sup> <http://e24.no/naeringseiendom/article2463000.ece>

Interessant nok fall utdanningsnivå ut av modellen, men alder og kjønn blei med. Dei med høg utdanning trivst med andre ord like godt i arbeidet sitt som andre. Heller ikkje her er kjønn signifikant, men vi ser at kvinnene har tendens mot å trivast dårlegare mindre i arbeidet enn menn (hugs: her er effekten kontrollert for dei andre variablane). Meir interessant er det at dei som oppgjev å jobbe i primærnæringa, trivst i mindre grad enn dei som jobbar i dei andre næringane. Likeins trivst dei som sa dei jobba i ”offentleg administrasjon og forsvar” relativt dårlegare enn dei som oppgjev å drive med andre næringar. Dei andre store næringane i vårt utval var undervising og helse- og sosialtenester. Dei viste noko betre arbeidstrivsel enn dei andre, men ikkje nok til at dei kunne inkluderast i modellen. Vi finn òg at alder påverkar arbeidslysta negativt.

At dei som jobbar i primærnæringa scorar relativt dårleg på denne indikatoren, heng sjølvsagt saman med korleis indikatoren er bygd opp. Til dømes er det til dels lite kontakt med andre kollegaer i dette yrket, noko som gjer indikatoren litt sårbar for folk som jobbar i primærnæringa, men det gjer ikkje indikatoren gal. Vi veit frå andre undersøkingar at å vere gardbrukar er ein einsamt yrke, spesielt husdyrhald, som mange driv med i Nord-Gudbrandsdal. I ein undersøking frå Bygdeforskning, viser det seg at 34 prosent av dei som driv med husdyr føler seg einsame som gardbrukarar.<sup>20</sup> I Oppland sa 29 prosent av *alle* gardbrukarar at dei er einsame (Vik og Blekesaune 2008).

Funna kan samanfattast slik:

- Dei som har budd lenge (over ti år) i dalen, trivst betre med arbeidet sitt enn dei som har budd kortare
- Dei som aldri har flytta ut, trivst noko betre med arbeidet sitt
- Dei som jobbar i primærnæringar og offentleg administrasjon, trivst mindre med arbeidet sitt enn dei i andre yrke
- Dei som er eldre, tenderar til å trivast dårlegare i arbeidet sitt
- Ingen forskjell på kjønn, sjølv om kvinner tenderar til å trivast litt dårlegare i arbeidet

---

<sup>20</sup> <http://www.adressa.no/nyheter/sortrondelag/article1141966.ece>

## 7 Samanfating og vegen vidare

Vi har nå, i to analysekapittel, gått igjennom spørjeundersøkinga. Men kva inneber funna våre? Å gjere statistiske analysar handlar ikkje berre om å finne pluss eller minus, men å vise kva tala vi finn faktisk forklarar. Det vil seie at vi går inn i ein subjektiv tolking av tala. Heller ikkje tala er ”objektive”, sia dei er resultat av mange val både i analyseteknikk og spørsmålsformuleringar. Det som skrivast her, må likevel tolkast som ei mogleg forståing av tala. Kanskje har lesaren ei anna forståing?

### 7.1 Kommenterar om metode

Metodane vi har brukt her, har fleire problematiske sider. Noko av det som må problematiserast i høgst grad, er vårt utval. Vi hadde ikkje noko håp om å finne noko som kunne generaliserast i vår studie. Hovudmålet var å finne ny kunnskap om moglege forståingar av flytting og ”bulyst”. I tillegg hadde vi som mål å ha eit likestillingsperspektiv. Tal og tidlegare studiar har vist at det er nokre ekstra utfordringar i å tiltrekkje, og halde på, kvinner i distriktsstrok. Det var difor viktig for oss å nå kvinner som var i arbeid, og som gjerne hadde flytta relativt nyleg.

Vi hadde difor ikkje mål om å finne tal som gjeld alle i heile Nord-Gudbrandsdal, men finne tal som kunne hjelpe oss på veg til å få større innsikt i viktige aspekt rundt det å flytte. På denne måten har undersøkinga ikkje nødvendigvis gitt så mykje ny kunnskap, men har hjelpt oss på veg til å stadfeste ein del kunnskap akkurat om vårt område.

### 7.2 Svar på problemstilling

Vi formulerte i kapittel ein flg hovudproblemstilling: *Kva faktorar verkar inn på bulyst?* Vi hadde fylgjande underspørsmål:

1. Kva for faktorar spelar inn på opplevinga av kor nøgd du er med staden du bur?
2. Kva for faktorar spelar inn på arbeidssituasjonen din?
3. Kva for faktorar spelar inn på om du ønskjer å flytte eller ikkje?

Vi skal kort svare på underproblemstillingane.

1) Om vi nøyer oss med å definere dette spørsmålet til kven som opplever "stadstilfredsheit", kan vi repetere lista frå kap 5.2:

- Dei som bur i Sel, Lesja, Skjåk og Lom har ein noko betre stadstilfredsheit enn dei som bur i Vågå og Dovre
- Dei som aldri har flytta ut har ein signifikant betre stadstilfredsheit enn dei som er tilbakeflyttarar, òg nyinnflyttarar ser ut til å ha betre stadstilfredsheit enn dei tilbakeflytta
- Dei som jobbar i offentleg administrasjon ser ut til å litt dårlegare stadstilfredsheit enn dei som er i andre yrke, og dei som jobbar i primærnæringa ser ut til å litt betre stadstilfredsheit
- Dei som har høgre utdanning (meir enn tre år på universitet/høgskule) ser ut til å ha litt dårlegare stadstilfredsheit i nokre av modellane

2) Tilsvarande kan vi gjere her:

- Dei som har budd lenge (over ti år) i dalen, trivst betre med arbeidet sitt enn dei som har budd kortare
- Dei som aldri har flytta ut, trivst noko betre med arbeidet sitt
- Dei som jobbar i primærnæringar og offentleg administrasjon, trivst mindre med arbeidet sitt enn dei i andre yrke
- Dei som er eldre, tenderar til å trivast dårlegare i arbeidet sitt

Som vi ser er det nokre fellespunkt mellom dei to, men ut frå faktoranalyseteknikkar ser vi at det ikkje er heilt det same fenomenet som målast. Korrelasjon mellom bulyst og arbeidslyst er på 0,65. Det vil seie at det er samanheng mellom dei, men samanhengen er ikkje så klar at det kan reknast som ein faktor.

3) For å finne kva faktorar som påverkar om du vil flytte eller ikkje, kan vi gjennomføre ein analyse ut frå spørsmålet "reknar du med å flytte ut av Nord-Gudbrandsdalen". Problemet med å gjere ein slik analyse, er at dei vi har nådd, er folk som allereie har etablert seg, og dermed ikkje vil vere eit godt materiale å gjere ein slik analyse på. Skulle vi ha gjort ein regresjon opp mot dette spørsmålet, burde vi hatt ein populasjonsstudie.

Skulle vi ha gitt eit godt svar på dette spørsmålet burde vi hatt ein mykje større undersøking, som hadde gått over fleire år. Det beste hadde sjølvstundt vore å fylgt ein kohort over fleire år. Det vi derimot kan gjere ut frå vårt datamateriale, er å sjå på kva dei la vekt på som viktig, når dei vel kor dei vil bu. Sjølv om dei er etablerte, vil dei likevel ha ein mening om kva som er viktig og ikkje for sine bustadsval. Der fann vi at oppvekstmiljø og arbeid var omtrent like viktig, men at fleire la vekt på oppvekstmiljø som svært viktig. Det kan difor vere naturleg å konkludere med at arbeid er viktig, og til og med avgjerande, men at om arbeidskravet er oppfylgt, vil andre faktorar vere viktigare. Slik som til dømes oppvekstmiljø.

### **7.3 Eit innspel til diskusjon**

Det er mange interessante funn i denne rapporten som ein bør bruke meir tid på å analysere vidare. Spesielt er det verd å merkje seg at dei som driv innan primærnæring oppgjer at stadstilfredsheita er såpass høg, men at dei oppgjer såpass låg arbeidslyst. Primærnæringa er ein stor og viktig næring i regionen, og det er klart utifrå det vi har sett i denne undersøkinga, og frå det vi veit frå før, at det er nokre heilt sentrale utfordringar ein kan ta tak i her.

Eit anna interessant poeng er at det ikkje var mogleg å finne ein signifikant forskjell mellom kvinner og menn når det gjeld samleindikatoren stadstilfredsheit. Det verkar som andre forklarande variablar enn kjønn er viktigare for i kor stor grad du har "bulyst", slik som utdanning, om du har budd i regionen før og til dels kva du jobbar med. Likevel kan vi merkje oss at kvinnene spreidde seg meir på skalaen, dei var meir nøgd og mindre nøgd – vi fann ingen systematikk i kven som var mest eller minst nøgd av kvinnene med Nord-Gudbrandsdalen som bustad. Det er òg verdt å merkje seg at kvinner verkar som om dei legg meir vekt på alle faktorar når dei oppgjev kva som er viktig når dei skal flytte. Menn, verkar det som, tar mindre stilling til ein del sentrale faktorar som er viktige når dei skal flytte. Ein mogleg forklaring på dette er at kvinnene i undersøkinga vår har tatt eit meir aktivt val når dei tidlegare har flytta. Dette kan stemme med empiri som viser at kvinner er meir mobile (det vil si flyttar meir) enn menn.<sup>21</sup>

Eit sentralt poeng i nyare strategiar for regional utvikling er å skape samfunn som er opne for entreprenørar, og som med bakgrunn i dette evner å skape ny næring og ny vekst i regionen. I denne samanheng er det interessant å merkje seg at ein større del kvinner enn menn planlegg å starte ny verksemd, men på same tid vurderer kvinner i høgare grad enn menn Nord-Gudbrandsdalen som ikkje å vera ein god stad for entreprenørar. Her er det nokre viktige utfordringar rundt den entreprenørielle kulturen, spesielt knytt mot kvinnelege entreprenørar.

Tankar rundt lokal stadsutvikling og planlegging er òg interessant å ta med seg vidare. Bør bygdene satse på å lage tette små bygdesamfunn, eller bør ein spreie befolkninga mest mogleg. Dette er eit spørsmål som er viktig å ta med seg inn i lokal planlegging, og er eit tema som kommunane faktisk kan påverke direkte. Vår foreløpige analyse tyder på at dei som bur spreidd har litt dårlegare stadstilfredsheit enn dei som bur tettbygd. Ein skal ikkje leggje for mykje i dette, men det er likevel eit poeng å ta med seg i neste fase av prosjektet.

Denne rapporten inngår som ein del av eit større prosjekt. Funna her skal difor analyserast vidare i seinare rapportar. Noko som kunne vore interessant å analyse vidare kvalitativt, er det vi som vi her kallar årsakssamanhengar. Kva fører til kva. Jamfør diskusjonen i delkapittel 5.1. Fører arbeidslyst til stadstilfredsheit, eller er det andre vegen, eller går det alle vegar?

Eit av hovudmåla i denne rapporten var å sjå på kjønn som grunnleggjande variabel når det gjeld flyttemotiv og bulyst/arbeidslyst. Likevel greidde vi ikkje å finne dei heilt store

---

<sup>21</sup> Sjå, til dømes Grimsrud (2005)

forskjellane i vår undersøking. Dette stemmer med at forskjellane mellom kjønna når det talet på dei som flyttar ut er minkande. Det tyder ikkje på at vi ikkje har utfordringar, og det tyder ikkje på at kjønnsdimensjonen ikkje er viktig for valet ein gjer. Dei reelle flyttetala tydar på at det er forskjellar, sjølv om dei er minkande. Kanskje noko av problemet ligg i metodane vi brukte i denne analysen. Kanskje det berre ikkje er mogleg å få gode statistiske mål på dette "fenomenet". Dette gjer at behovet for kvalitative studiar melder seg. Kanskje er det slik at samanhengane rundt bulyst, flytting og kjønn ser ut som usikre og ufullstendige i det statistiske materialet, nettopp fordi dei verkeleg er uklare og umogleg å definere? Berre grundige kvalitative studiar kan svare på dette.

## Referansar

Asplan Viak. (2008). *Midtveisevaluering av BLEST-programmet: BLEST - Et Husbanken program for tettstedsutvikling*. Trondheim, Asplan Viak. Tilgjengelig frå:

<http://www.husbanken.no/Venstremeny/Stedsutvikling/BLEST/~//media/8EF2C3DAFEC14312BEB723756C507C67.ashx>

Berrens, R. P., Bohara, A. K., Jenkins-Smith, H., Silva, C. og Weimer, D. L. (2003). The Advent of Internet Surveys for Political Research: A Comparison of Telephone and Internet Samples. *Political Analysis*, 11 (1) side 1-22

Florida, R. (2008). *Who's your city?: how the creative economy is making where to live the most important decision of your life*. New York, Basic Books

Florida, R., Mellander, C. og Stolarick, K. (2008). Inside the black box of regional development—human capital, the creative class and tolerance *Journal of Economic Geography*, 8 (5) side 615-649

Grimsrud, G. M. (2005). *ValHall: Resultater fra en spørreundersøkelse blant unge voksne med relasjoner til Hallingdal og Valdres*, ØF-rapport nr. 19/2005. Lillehammer, Østlandsforskning. Tilgjengelig frå: <http://www.ostforsk.no/rapport/pdf/192005.pdf>

Grimsrud, G. M. (2006). *"Valdres-Rypa": Tilflytting og trivsel blant kvinner i Valdres*, ØF-Rapport nr. 03/2006. Lillehammer, Østlandsforskning. Tilgjengelig frå: <http://www.ostforsk.no/rapport/pdf/032006.pdf>

Isaksen, A. (2005). *Den kreative klassen og regional næringsutvikling i Norge*. Arbeidsnotat, 22/2005. Oslo, NIFU STEP. Tilgjengelig frå: <http://www.nifustep.no/content/download/15178/87880/file/Arbeidsnotat%2022-2005.pdf>

Johannesen, N., Johansen, V. og Schanke, T. (2008). *Likestilling i Elverum kommune*. Hamar, Likestillingscenteret

NESH. (2006). *Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi*. Oslo, De nasjonale forskningsetiske komitéer

Ringdal, K. (2007). *Enhet og mangfold: samfunnsvitenskapelig forskning og kvantitativ metode*. Bergen, Fagbokforlaget

Skjeggedal, T. (2000). *Attraktive tettsteder i distriktene?: analyse med tre eksempler fra Nord-Trøndelag*, NTF-rapport 2007:7. Steinkjer, Nord-Trøndelagsforskning

Vik, J. og Blekesaune, A. (2008). *Trender i norsk landbruk 2008 - Oppland*, Notat nr 2/08. Trondheim, Bygdeforskning. Tilgjengelig frå:  
<http://www.bygdeforskning.no/filarkiv/2008/05/06/1482036ce24797.pdf>

Østlandsforskning. (2002). *Innlandsindeksen 2002*. Lillehammer, Østlandsforskning. Tilgjengelig frå: <http://øf.no/indeks/2002/pdf/Indeks2002.pdf>



## Vedlegg 1. Føresetnader for regresjonsanalyse

Vi skal kort gjennomgå multivariat lineær regresjonsanalyse, som er ein type multivariat analyse, samt kravet om årsaksforklaring.<sup>22</sup>

Multivariat lineær regresjonsanalyse brukast til å undersøke om, og i kva for grad, eit sett av forklaringsvariablar er årsak til endring i ein avhengig variabel. Analysen byggjar på eit antak om at det er ein lineær samanheng mellom avhengig variabel (Y) og eit sett av uavhengige variablar (X). Den minste kvadratars metode (OLS) handlar om å finne beste lineære "linje" mellom de uavhengige variablane og den avhengige variabelen. Vi presenterer følgjande mål:

- Justert  $R^2$ : Den multiple korrelasjonskoeffisienten ( $R^2$ ) er eit mål på kor god modellen er. Multiplisert med 100 får ein den forklarte variansen, dvs. kor stor del av variasjonen i den avhengige variabelen som forklarast av modellen. Justert  $R^2$  tar inn modellens kompleksitet, og dette målet nyttast for modeller med mange uavhengige variablar.
- Ustandardiserte regresjonskoeffisientar (B): Viser gjennomsnittlig auke i Y forbundet med ein måleeinings auke i X, gitt at dei andre uavhengige variablane haldast konstant.
- Standardfeilen (S.E.): Ein indikasjon på kor mykje eit utvalsparameter kan kome til å variere frå den korrekte parameterverdien.
- Signifikansverdi: Viser til sannsynet for å få den observerte verdien dersom  $H_0$ , ein hypotese kor ein hevdar at det ikkje er ein samanheng mellom uavhengig og avhengig variabel, er korrekt.
- Konstanten: Den predikerte verdien når verdiane på forklaringsvariablane er satt til 0.

Dersom regresjonsanalysens føresetnader ikkje er oppfylt, kan estimat og samanhengar vere usikre. Derfor undersøkes det om føresetnadene til lineær regresjonsanalyse er oppfylt, dvs. testar knytt til normalfordelte residual, lineær samanheng mellom X og Y, fråvær av multikollinearitet og fråvær av innflytelsesrike einingar. Testar finnes som vedlegg X.

Ein annan føresetnad er at alle relevante uavhengige variablar er med. Dette er ein føresetnad det er umogleg å teste, da utvalet av variablar bestemmes av dei muligheter som ligg i data. Men vi veit, gjennom analysane våre, at irrelevante uavhengige variablar er eliminert.

---

<sup>22</sup> Sjø Ringdal 2007 for meir nøye gjennomgang.

Ein siste føresetnad skal vi kommentere her. Dette handlar om at regresjonsanalyse nyttast til årsaksforklaringar, og da er det visse krav knytt til tidsrekkefølge (x skal komme før y) og variabeltype. Variablar som måler verdiar og holdningar bør være avhengige variablar.

For dei multivariate analysar har vi gjennomført følgjande testar av føresetnadar:

- Normalfordelte residualar (OLS)
- Linearitet i parametranne (OLS)
- Fråvær av multikollinearitet (OLS)
- Fråvær av innflytelsesrike einingar (OLS)

Det tar for mykje plass å vise alle testane av føresetnadene til modellen. Vi har derfor valt å kommentere eit utval av testane:

- *Normalfordelte residualar*: Manglande normalfordeling kan påverke pålitelegskapen til tilnærminga (estimatet) og testane. Problemet er størst ved små utvalsstorleikar (slik vi har her).
- *Multikollinearitet*: Multikollinearitet viser til ein lineær samanheng mellom X-variablane. Det er ynskeleg at denne er ”mellomhøg”, det vil si mellom 0,3 og 0,6, dette er vist i vedlegg
- *Innflytelsesrike einingar*: Nokre einingar har større innflytelse på regresjonslikninga enn andre. Det er ønskeleg med fråvær av innflytelsesrike einingar, men som oftast støyter man på dette problemet. Det er likevel ikkje så stort problem, ved ein relativt stor N

## Vedlegg 2: Diverse analysar og regresjonar

Her inkluderar vi ein tredje modell, der ”eg planlegg å flytte innan tre år” er inkludert:

**Coefficients<sup>a</sup>**

Model		Unstandardized Coefficients		St. Coeff.	t	Sig.
		B	Std. Error	Beta		
1	(Constant)	7.866	1.132		6.951	.000
	selskjåklomlesja	1.612	.527	.155	3.058	.003
	bufast	-1.588	.690	-.158	-2.303	.022
	høghøg + låghøg	1.379	.546	.136	2.525	.012
	nyinnflyttar	-1.194	.648	-.131	-1.841	.067
	budd meir enn ti år	-.703	.542	-.072	-1.297	.196
	primærnæring	-1.702	.948	-.097	-1.795	.074
	eg reknar med å flytte innan tre år	3.647	1.069	.183	3.411	.001
	arbeidslust	.622	.054	.621	11.462	.000

a. Dependent Variable: bulyst

**Model Summary**

Model	R	R Square	Adjusted R Square	Std. Error of the Estimate
1	.752 <sup>a</sup>	.565	.545	3.05966

Denne modellen forklarar enno meir av variasjonen i bulyst (heile 55 prosent). Ein kan argumentere for at eg reknar med å flytte innan tre år påverkar stadstilfredsheit (bulyst), sia ein da ikkje investerer i sosiale relasjonar mm. Sjølv om det òg, sjølv sagt, er ein orsak til å flytte i seg sjølv om ein trivs dårleg. Einaste forskjellen her, er at alle faktorar aukar i signifikanse, utanom for dei som har budd lenge i regionen. Her minkar signifikansen noko. Hugs, negativ koeffisient betyr betre stadstilfredsheit. Dette styrkar dei funna vi allereie har funne i rapporten

## Faktoranalyse bulyst:

### KMO and Bartlett's Test

Kaiser-Meyer-Olkin Measure of Sampling Adequacy.	.831
Bartlett's Test of Sphericity	Approx. Chi-Square
	437.026
	df
	28.000
	Sig.
	.000

### Total Variance Explained

Component	Initial Eigenvalues			Extraction Sums of Squared Loadings		
	Total	% of Variance	Cumulative %	Total	% of Variance	Cumulative %
1	3.423	42.793	42.793	3.423	42.793	42.793
2	.925	11.559	54.352			
3	.893	11.162	65.515			
4	.754	9.428	74.942			
5	.611	7.644	82.586			
6	.545	6.817	89.403			
7	.495	6.185	95.589			
8	.353	4.411	100.000			

Extraction Method: Principal Component Analysis.

Det er i utgangspunktet ønskelig at faktorene skal forklare minst 50 prosent av variansen i variablene som inngår i faktoranalysen. Her er det kun 43 prosent, dette gjør modellen noe svak.

### Component Matrix<sup>a</sup>

	Component
	1
oppvekstmiljø	.600
det sosiale liv	.722
kulturtilbod	.697
leve sjølvstendig	.752
entreprenørskap	.644
trygt der	.522
tenestetilbod	.677
eige arbeid	.587

## Korrelasjonar for stadstilfredsheit-indikatorane

Correlations

		oppvekstmilj ø	sosiale	kulturtilbod	leve som eg sjølv vil	entreprenø rskap	trygt der	tenestetilbod	eige arbeid
oppvekst miljø	Pearsons R	1.000	.414**	.372**	.371**	.314**	.305**	.341**	.200**
	Sig. (2-tailed)		.000	.000	.000	.000	.000	.000	.002
	N	231.000	231	231	230	216	228	231	229
sosiale	Pearsons R	.414**	1.000	.547**	.509**	.293**	.258**	.377**	.382**
	Sig. (2-tailed)	.000		.000	.000	.000	.000	.000	.000
	N	231	232.000	232	231	216	229	232	230
kulturtilbo d	Pearsons R	.372**	.547**	1.000	.340**	.340**	.216**	.466**	.314**
	Sig. (2-tailed)	.000	.000		.000	.000	.001	.000	.000
	N	231	232	232.000	231	216	229	232	230
leve som eg sjølv vil	Pearsons R	.371**	.509**	.340**	1.000	.435**	.436**	.384**	.470**
	Sig. (2-tailed)	.000	.000	.000		.000	.000	.000	.000
	N	230	231	231	231.000	216	229	231	229
entrepren ørskap	Pearsons R	.314**	.293**	.340**	.435**	1.000	.291**	.414**	.300**
	Sig. (2-tailed)	.000	.000	.000	.000		.000	.000	.000
	N	216	216	216	216	216.000	216	216	214
trygt der	Pearsons R	.305**	.258**	.216**	.436**	.291**	1.000	.241**	.211**
	Sig. (2-tailed)	.000	.000	.001	.000	.000		.000	.001
	N	228	229	229	229	216	229.000	229	227
tenestetilb od	Pearsons R	.341**	.377**	.466**	.384**	.414**	.241**	1.000	.269**
	Sig. (2-tailed)	.000	.000	.000	.000	.000	.000		.000
	N	231	232	232	231	216	229	232.000	230
eige arbeid	Pearsons R	.200**	.382**	.314**	.470**	.300**	.211**	.269**	1.000
	Sig. (2-tailed)	.002	.000	.000	.000	.000	.001	.000	
	N	229	230	230	229	214	227	230	230.000

\*\* . Correlation is significant at the 0.01

level (2-tailed).

**Reliability Statistics**

Cronbach's Alpha	N of Items
.803	8

N=214

## Faktoranalyse: arbeidslyst:

### KMO and Bartlett's Test

Kaiser-Meyer-Olkin Measure of Sampling Adequacy.	.773
Bartlett's Test of Sphericity	Approx. Chi-Square
	464.268
	df
	15.000
	Sig.
	.000

### Communalities

	Initial	Extraction
sosial trivsel	1.000	.475
arbeidstrivsel	1.000	.549
Q10R3	1.000	.652
Q10R4	1.000	.634
Q10R5	1.000	.665
Q10R6	1.000	.229

Extraction Method: Principal Component Analysis.

### Total Variance Explained

Component	Initial Eigenvalues			Extraction Sums of Squared Loadings		
	Total	% of Variance	Cumulative %	Total	% of Variance	Cumulative %
1	3.204	53.393	53.393	3.204	53.393	53.393
2	.884	14.736	68.129			
3	.727	12.120	80.249			
4	.584	9.727	89.976			
5	.345	5.750	95.726			
6	.256	4.274	100.000			

Extraction Method: Principal Component Analysis.

**Component Matrix<sup>a</sup>**

	Component
	1
sosial trivsel	.689
arbeidstrivsel	.741
Q10R3	.807
Q10R4	.796
Q10R5	.816
Q10R6	.478

Extraction Method: Principal  
Component Analysis.

a. 1 components extracted.

**Reliability Statistics**

Cronbach's Alpha	N of Items
.809	6

N=211



**Correlations**

		sosial trivsel	arbeidstrivsel	Q10R3	Q10R4	Q10R5	Q10R6
sosial trivsel	Pearsons	1.000	.405**	.413**	.557**	.393**	.262**
	Sig. (2-tailed)		.000	.000	.000	.000	.000
	N	218.000	217	213	213	215	214
arbeidstrivsel	Pearsons	.405**	1.000	.506**	.379**	.630**	.255**
	Sig. (2-tailed)	.000		.000	.000	.000	.000
	N	217	220.000	214	214	218	217
Q10R3	Pearsons	.413**	.506**	1.000	.669**	.553**	.220**
	Sig. (2-tailed)	.000	.000		.000	.000	.001
	N	213	214	214.000	213	214	213
Q10R4	Pearsons	.557**	.379**	.669**	1.000	.518**	.225**
	Sig. (2-tailed)	.000	.000	.000		.000	.001
	N	213	214	213	214.000	214	213
Q10R5	Pearsons	.393**	.630**	.553**	.518**	1.000	.409**
	Sig. (2-tailed)	.000	.000	.000	.000		.000
	N	215	218	214	214	218.000	217
Q10R6	Pearsons	.262**	.255**	.220**	.225**	.409**	1.000
	Sig. (2-tailed)	.000	.000	.001	.001	.000	
	N	214	217	213	213	217	217.000

\*\* . Correlation is significant at the 0.01 level (2-tailed).

Gjennomsnittet for korrelasjonen ligger over 0.3 men under 0.6. Det oppfylles her, men påstand Q10R6 har nok en lav korrelasjon. Den er likevel inkludert grunna faktoren er stadfesta i tidligere tester (Johannesen et. al 2008). Referansen Q10R6 kan gjenfinnes som spørsmål (question) 10, rad 6 i spørjeundersøkinga (under).



## Vedlegg 3. Spørjeundersøkinga

### Jenter mot strømmen

#### Innleiing

Kjære norddøl

Jenter mot strømmen er eit prosjekt leia av regionrådet i Nord-Gudbrandsdal med to hovudmål: 1) Bulyst og folketalsutvikling. Og 2) Rekruttering til arbeidsliv og næringsetablering.

For å få eit best mogleg kunnskapsgrunnlag for dette arbeidet, gjennomfører vi ei spørjeundersøking. Denne undersøkinga skal brukast i det vidare arbeidet med prosjektet og gjennomførast av Østlandsforskning. Hovudmålgruppa for undersøkinga er folk som bur i Nord-Gudbrandsdalen, men andre med tilknytting til regionen kan òg svare. Alle spørsmål om undersøkinga kan rettast til Asgeir Skålholt (e-post: [as@ostforsk.no](mailto:as@ostforsk.no)).

Undersøkinga er anonym og du kan fritt velje å ikkje svare på spørsmål om du ikkje ønskjer eller spørsmålet ikkje passar.

Trykk "start" for å starte undersøkinga

Start

Powered by [Opinio](#)

## Jenter mot strømmen

### Om deg

#### 1. Kjønn

- Kvinne
- Mann

#### 2. Alder

Vennligst oppgje alder

#### 3. Bustadskommune

- Dovre
- Lesja
- Lom
- Sel
- Skjåk
- Vågå
- Anna kommune (vennligst skriv kva for ein)

#### 4. Kordan vil du kategorisere staden akkurat der du bur?

- Spredtbygd
- Tettbygd
- Verken eller / veit ikkje

#### 5. Er du...

- tilbakeflyttar til Nord-Gudbrandsdalen
- nyinnflyttar til Nord-Gudbrandsdalen
- alltid budd i Nord-Gudbrandsdalen
- utflyttar frå Nord-Gudbrandsdalen
- ein som aldri har budd i Nord-Gudbrandsdalen

6. Kor lenge har du budd i Nord-Gudbrandsdalen?  
(Er du tilbakeflyttar, ber vi deg rekne frå du sist flytta hit)

- 0 til 4 år
- 5 til 9 år
- 10 til 19 år
- 20 år eller meir

7. Kva er din høgaste fullførte utdanning

- Grunnskule
- Videregående skule, yrkesskule
- Lågare universitets- eller høgskuleutdanning (3 år)
- Høgare universitets- eller høgskuleutdanning (5 år eller meir)

8. Kva for bransje jobbar du i?  
(Sett kryss for hovudarbeids plass)

- Primærnæring
- Bygg- og anleggsverksemd
- Varehandel
- Hotell og restaurant
- Helse- og sosialtenester
- Undervising
- Samferdsel
- Offentleg administrasjon, forsvar
- Finansiell og forretningsmessig tenesteyting
- Omsorgsarbeid i heimen
- Anna, beskriv

Tilbake

Neste

Powered by [Opinio](#)

## Jenter mot strømmen

### Bulyst og likestilling

9. Ta stilling til **kor nøgd du er** med følgjande faktorar ved staden du bor

	Svært nøgd	Nøgd	Verken eller	Lite nøgd	Svært lite nøgd
Moglegheiter for naturopplevingar	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Moglegheiter til fritidsaktiviteter	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Gode oppvekstmiljø for ungar	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Det sosiale liv	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Kulturtilbodet	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Arbeidet mitt	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Tenestetilbodet der du bur	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Nord-Gudbrandsdalen som bustad	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Kan leve som eg sjølv ønskjer det	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

10. I det fylgjande ber vi deg om å ta stilling til nokre påstandar om arbeidssituasjonen din, om du ikkje har lønna arbeid kan du hoppe over spørsmålet

	Heilt einig	Delvis einig	Verken eller	Delvis ueinig	Svært ueinig
Eg trivst saman med kollegene mine	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Eg har arbeid eg trivst med	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Eg får vere med å gje råd ved viktige avgjersler som gjeld min arbeidssituasjon	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Eg opplever å bli satt pris på som medarbeidar	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Eg får brukt evnene mine i arbeidet mitt	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Eg har ei utdanning eg kan bruke i arbeidet mitt	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Eg vurderer å søkje ny stilling med auka ansvarsområde i løpet av dei neste to årene	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Eg vurderer å etablere eigen verksemd i løpet av dei to neste årene	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Nord-Gudbrandsdalen er ein god stad for folk som vil starte ny verksemd	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

11. I neste spørsmål ber vi deg om å ta stilling til påstandar om staden du bur

	Heilt einig	Delvis einig	Verken eller	Delvis ueinig	Svært ueinig
Eg skulle ønskje eg hadde fleire venner der eg bur	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Det er vanskeleg å komme i kontakt med folk der eg bur	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Eg føler eit sterkt fellsskap med dem som bur her	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Eg har slekt eller gode venner innen kort reiseavstand	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Staden eg bur på er vakker	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Det er trygt der eg bur	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

12. Reknar du med at du snart flytter ut av Nord-Gudbrandsdalen?

- Nei, eg har ingen planar om å flytte
- Ja, eg er i gong med å flytte
- Ja, eg reknar med å flytte innan tre år

13. Angje kor viktig nokre moment er når du velger kor du vil bu?

	Svært viktig	Viktig	Verken eller	Lite viktig	Heilt uviktig
Kan leve som eg sjølv ønskjer	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Moglegheiter for fritidsaktiviteter	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Moglegheiter for naturopplevingar	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Gode oppvekstmiljø for ungar	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Regionen som bustad	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Tenestetilbodet i regionen	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Kulturtilbodet	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Nærleik til slekt og venner	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Arbeid	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

14. Kva vil du seie er så unikt i regionen at du finn det viktig å marknadsføre for potensielle tilflyttarar? Gje kommentarar til kvifor, om du vil.

	Svært viktig	Viktig	Verken eller	Litt viktig	Heilt uviktig	Kvifor
Naturen	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="text"/>
Fridomen i å bu spredt	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="text"/>
Spesielle fritidsaktiviteter	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="text"/>
Samhald og sosiale relasjonar	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="text"/>
Unik arkitektur	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="text"/>
Tenestetilbod utover det vanlege	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="text"/>
Kulturarrangement av høg kvalitet	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="text"/>
Anna	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="text"/>

15. Korleis lyt det økonomiske ansvaret mellom ektefellar/sambuarar delast, dersom dei saman har dagleg omsorg for barn under tre år?

- Far aleine må sørge for familien økonomisk
- Far må hovudsakleg sørge for familien, men mor lyt òg bidra økonomisk
- Far og mor må dele det økonomiske ansvaret likt
- Mor må hovudsakleg sørge for familien, men far lyt òg bidra økonomisk
- Mor aleine må sørge for familien økonomisk

16. Det er foreslått at fødselspermisjonen skal delast i tre deler, slik at mor får ein lovpålagt tredjedel, far får ein lovpålagt tredjedel, og at foreldra sjølv kan avgjere korleis den siste tredjedelen av permisjonen skal fordelast. Er du for eller imot ei slik tredeling av fødselspermisjonen?

- For
- Imot
- Veit ikkje

17. Kor stort eller lite problem synes du at det er at topposisjonar i norsk arbeids og organisasjonsliv er dominert av menn

Meget stort problem	Ganske stort problem	Eit visst problem	Ikkje noko problem	Veit ikkje
<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

18. Dette prosjektet vil seinare gjennomføre gruppeintervju. Om du ønskjer å ta del i slike, hadde det vore fint om du skreiv inn kontaktdetaljar her. Ei e-postadresse hadde vore til stor hjelp.

Tilbake

Avslutt

Powered by [Opinio](#)



## **Motstrøms**

### **– om bulyst, demografi og arbeidslyst**

Denne rapporten er basert på ein spørjeundersøking til eit utval av kvinner og menn i Nord-Gudbrandsdalen. Rapporten har som mål å finne moglege faktorar som påverkar "bulyst". Fokus for rapporten ligg på likestilling, og dei ekstra utfordringar som fråflytting av kvinner har hatt å seie for ein del regionar i Noreg. Denne rapporten viser at forskjellen mellom kvinner og menn når det gjeld utflytting er mindre no, enn før. Den viser òg at det små forskjellar mellom menn og kvinner når det gjeld "bulyst", i alle fall slik det er definert i denne rapporten. Blant dei som svarte på undersøkinga hadde fleire kvinner enn menn lyst å starte eigen verksemd. Samtidig var kvinner i større mon enn menn skeptisk til dei entreprenørielle moglegheitene i Nord-Gudbrandsdalen. Funna frå denne rapporten er ikkje mogleg å generalisere til populasjonen i Nord-Gudbrandsdalen, då undersøkinga ikkje er strengt representativ.

**Rapport nr.: 20/2008**  
**ISBN nr: 978-82-7356-641-6**